


Leidarsteidn



Årshefte 2004
Bømlo Tur- og Sogelag

Pris kr 60,-

Innhald

Forord ved leiar i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s. 3
Om "Leidarsteidn".....	s. 4
Styre og stell.....	s. 4
Skipsruta Stavanger - Haugesund - Sunnhordland - Bergen.....	s. 5
Nils Vika.....	s. 10
Oluf Monsen.....	s. 20
Før og no.....	s. 26
Sokkamyro i fortid, nåtid og framtid.....	s. 28
Tilbakeblikk.....	s. 34
"Bømlo-sang".....	s. 35
"Lu-Lu".....	s. 35
Olaug Kalve Størkson på Mækjebakken.....	s. 36
Øyjorden.....	s. 41

Forord

Året 2004 har vore eit svært aktivt år for Bømlo Tur- og Sogelag. Dei tradisjonelle aktivitetane våre har me gjennomført i år og. Den tradisjonelle turen vår til Bergeseidet på skjærtorsdag vart som vanleg avslutta med ein liten matbit og drøs på Bergeshuset. Flott arrangement i år og. Støttelaget til sogelaget har i år og hatt basar og fått inn ein god del pengar som kjem svært godt med i arbeidet vårt med å restaurera alle dei gamle husa våre. Tusen takk til støtteforeningen. Kystsogedagen på Langevåg var i år 28. august. Me var ikkje så heldige med veret i år , men tross veret kom det mykje folk. Arrangementet denne gongen var eit samarbeid med idrettslaget. "Ferja" vart som forventa ein suksess i år og, det ser ut for at den er komen for å bli. Tusen takk til alle som var med og hjelpte til. Ein spesiell takk til Leif Egil Barane og hans mannskap. Bømlo Tur- og Sogelag har no gitt hovudansvaret for dette arrangementet over til Langevåg Utvikling som vil prøva å utvikla det til ein festival over fleire dager. Krabbafesten var i år på "puben" på Vika. Det var eit svært vellukka arrangement. Brynjar Stautland hadde eit særdeles interressant og engasjerande kåseri. Ein "6"ar i Leidarsteidn. På festen fekk Bernt Emil Vika tildelt heidersprisen til sogelaget. Tusen takk for arbeidet du har gjort og kjem til å gjera for laget. Når det gjeld restaureringsarbeid, har me i år malt Fridtun og Karinestova. Saga på Vorland har vorte tjørebreidd og det pågår arbeid med vassrenna. Bergeshuset vert det og arbeid mykje med. Me har leigd eit brønnboringsfirma og fått eigen brønn saman med nabohuset. I skrivande stund vert det lagt inn vatn og arbeidet med toalett i "skuten" er i full gang. Ein spesiell takk til Knut Hegle og arbeidskameratane hans i restaureringsgjengen. Men hovudaktiviteten til sogelaget har i år vore arbeidet med "båtboka". Den har me no arbeid med i 4 år. Forfattarane her har vore: Einar Kallevåg, Peder Toft, Kjell Lønning, Ingvald Hovland, Rolf Nesse, Knut Kvernenes og Bernt Emil Vika. Kjell Birger Sønstabø har vore konsulent. Kristine Sele har skrive innleiande kapittel og Bernhard Selle har vore med som sekretær. Bernt Emil Vika har vore koordinator og hovudansvarleg. Tusen takk for det enorme arbeidet de har gjort. De har gjennom arbeidet dykkar "redda" over 100 år av ein særdeles viktig del av historien vår. Denne delen av historien var i ferd med å gå tapt. Klokka var 2 minutt på 12. Båtboka vår kjem vel i år til å verta ein gjengangar under dei fleste juletre på Bømlo og til utflytta bømlingar. Mange timar kjem til å verta tilbrakt i godstolen med lesing, mimring og diskusjonar. Kanskje "juleflesket" kjem til å festa seg ekstra godt i år. Men sogelaget har tenkt på det og. Saman med idrettslaget og skyttarlaget arrangerer me 12. mars dansegalla på Bygdatunet med Ole Ivars. Der får me anledning til å dansa det av oss att etter m.a. "Nei, så tjukk du er blitt". Frå Bømlo Tur- og Sogelag vil eg ynskja alle lesarane ei Riktig God Jul og eit Triveleg Nytt År.

Norvald Nyteveit
Leiar i BTS

Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



Haugesund Sparebank

Tlf. 53 42 60 70 / Fax 53 42 60 71

Om ”Leidarsteidn”

Det har ikkje alltid vore så enkelt å ta seg fram over store havstykke som i dag. I førhistorisk tid hadde dei ingen av dei presisjonsinstrumenta som vert brukte no. Det dei hadde å navigere etter var sola og stjernene. Stjerner dei navigerte etter blei kalla leidarstjerner, t.d. Polarstjerna.

Det eldste kompasset vi veit om, var ein magnetisk stein som flaut på ei trefjøl i eit kar med vatn. Ein magnet som flyt på ei fjøl, vil retta seg inn slik at den eine enden peikar mot nord og den andre mot sør. Dette tok dei sjøfarande i bruk for å få ein sikrere kurs. Her omkring kom kompasset i bruk på 1200-talet og blei på gammalnorsk kalla leidarsteidn.

Leidarsteidn, eller kompasset som vi kallar det, er eit viktig instrument for å finne fram både til lands og til sjøs. Det er vårt håp at liksom leidarsteidn hjelpte dei sjøfarande å finne vegen heim, kunne Leidarsteidn-bladet hjelpe bømblingar å finne tilbake til røtene sine – finne vegen heim igjen.

Styre og nemnder

Styret:

Leiar	Norvald Nytveit
Nestleiar	Bernt Emil Vika
Kasserar	Margit Hovland
Sekretær	Gunvor Skippervik
Styremedlem	Berge Olson
Styremedlem	Anne Grete Engen

Varamedl. til styre:

Knut Helge
Kristen Thorsen
Ruth Berny Lønning
Svanhild Vespestad
Henning Tveit
Kåre Skippervik

Arrangementsnemnd:

Bernt Emil Vika	Arne Sandvik
Kåre Skippervik	Wenche Hegle
Signe Lønning	Kristen Thorsen
Kolbjørn Lønning	Lars Skippervik
Ståle Vorland	Lise Vestvik

Valnemnd:

Odd Engen
Sven Vorland
Herdis Westrheim

Restaureringsnemnd:

Knut Hegle	Reinert Hovland
Normann Larsen	Arne Vorland
Nils Peder Holme	Leif Egil Barane
Henning Tveit	Leif J. Vespestad
Eivinn Lodden	Ståle Vorland

Nemnd for merking av stiar:

Liv Olson
Arne Lønning
Reinert Hovland

Revisor:

Olav Barane



Skipsruta Stavanger - Haugesund - Sunnhordland - Bergen

Ved Kari Shetelig Hovland

D/S «Karmsund» - bygd 1874, i rutefart 1878 - 1904

I 1870-åra var fleire lastefartøy bygde med dampmaskin. Det vart sikrare samband mellom byane og handelstadene ute i distriktet.

Haugesunds Dampskibsselskab blei stifta i 1877. Same året kjøpte selskapet lastedamparen «Mandal» (bygd i 1874 ved Trondhjems mek. verksted). Skipet fekk då namnet «Karmsund», og blei i 1878 sett i fast rutefart mellom Stavanger, Haugesund, Sunnhordland og Bergen.

D/S «Karmsund» hadde tonnasje 96 brt., styrke 150 hk, med ein røykrørs dampkjel. Her var to lasterom, på kvar si sida av dampmaskina, med tilhøyrande luka, master og vinsj for og akter. På øverste dekk, framfor skorsteinen, var ein garde med ratt og kompas, og fritt utsyn over havet for den som stod og styrte.

D/S «Karmsund»s første førar var Christen Amundsen. Men i 1879 blei Stener

Størkson, Espevær, tilsett som skipper, med styrmann Ole E. Amle.

Skipet gjorde fire turar i veka: to turar i Nyleida mellom Stord og Bømlø, og to i Ytre leida på vestsida av Bømlø.


D/S «Karmsund» var snart for liten til denne farten. Alt etter 5 år, i 1883, blei damparen ombygd og forlengd 19,4 fot, til 102 brt., og fekk ny røykrørskjel. Dermed fylgde postbidrag og statsbidrag.

Stener Størkson, født 1847 i Espevær, var i ungdomen på fiske med Espeværsfartøy. So tok han navigasjonsskulen, og var seglskuteskipper i fleire år. I 1875 var han på Nordland og salta sild. Stener Størkson hadde hus i Garvik på Espevær. Han var ein streng skipper. Når «Karmsund» passerte Nora Sundet gjennom Espevær, laut dei flagga i Garvikjo. Ein gong han var ute i farten nordover Sletto, fekk han auga på ein robåt med kurs for Haugesund. Han gjekk borttil for å berga liv. Då såg han sine eigne døtre, to ungjenter, på veg til byen for å gå på dans. Dei fekk ingen bytur den gongen, nei. Det blei nok heller husarrest.

Etter 14 år ombord slutta Stener Størkson som skipper på «Karmsund», i 1892. Han blei då tilsett som fyrvaktar på Saugøy i Espevær.

År for år auka det på med trafikk i ruta, og det spurdest etter plass. I 1899 blei D/S «Karmsund» ombygd ved Bergens mek. verksted, til tonnasje 154 brt., fekk ny dampkjel og to fyrgangar.

I mai 1901 tok den unge arkeologen ved Bergens Museum «afsted til Bømmeløen pr. D/S «Karmsund», i selskab med



*D/S «Karmsund», 66 n.r.t. i 1878, 102 n.r.t etter ombygging i 1903.
Rederi: Haugesunds Dampskibsselskab*

en mængde indfødte af begge kjøen fra øerne i Nord- og Søndhordland. - Veiret var vidunderligt i den aarle morgenstund, medens vi smøg frem gjennem en uendelighed af sund og øer, og ret som det var stak ind til et stoppested. Ute fra havet kom morgenskodden glidende som en hvid væg, jeg saa den tulle sig omkring de yderste holmer, og snart var vi midt i den. Da stængtes enhver udsigt. Vi manøvrerte forsigtig med halv fart nedover til Gisøesund. Da blev det bedre, og raskt nærmed vi os mit foreløbige maal Espevær.»

Men atter kom haustmyrker og vinterstormar. “Karmsund” kjendest liten og gamaldags. I 1904 gjekk skipet ut av ruta, blei omdøyppt til «Karmøy», og selt.

D/S “Karmsund”, bygd 1904, i rutefart 1904 - 1953.

Den nye “Karmsund”, som løyste av i 1904, var då ferdig bygd ved Trondhjems mek. verksted, med tonnasje 287 brt., 3 cyl. dampmaskin, styrke 350 hk. På øvre dekk sto styrehuset, framfor skorsteinen.

Ruta tok no alltid ytre leid, med faste stoppeplassar: Stavanger, Alvestadkroken, Kopervik, Haugesund, Espevær, Vika, Grutlefjord, Lykling, Finnaas, Melandsvåg, Alvsvåg, Hiskjo, Meling, Øklandsvåg, Urangsvåg, Brandasund, Salthella, Stolmen, Møgster, Bakkasund, Klokkarvik, Bergen, og same veg tilbake.

“Karmsund” var so vel eigna for denne rutefarten, at skipet gjekk uskjepla i det same gjennom 50 år. Snart var det framgang og utvikling, sidan kom krig og vonde tider, naud og atter krig.

Ved kai i Stavanger blei “Karmsund” 21. april 1937 pårendt av eit stort skip, ”Drammensfjord”, og måtte reparerast ved verkstad i Haugesund. På veg frå Espevær til Vikafjorden, tvers av Dyrnes, blei “Karmsund” våren 1941 angripen på av britiske fly, men fekk mindre skader.

Men kva som hende ute i den store verda, og korleis tidene skifte her heime, D/S “Karmsund” heldt sine ruter, hadde sitt

faste mannskap med sitt faste arbeid ombord. “Karmsund” heldt på sin stil, og var seg sjøl, kom og gjekk til sine tider. Noko du kunne lita på.

Den 10. februar 1953 mønstra 20 år gamle Trygve Sørenes på som matros på “Karmsund”. Dette mannskapet var då ombord:

Kaptein	Ivar Gundersen, Mælandsvåg
1. Styrmann	Ragnvald Spissøy, Moster
2. Styrmann	Trygve Norenes, Lykling
Kjentmann	John Ådnanes, Mælandsvåg
Båtsmann	Hjalmar Hølleland, Haugesund
1. Matros	Olav Bråtveit, Sveio
2. Matros	Einar Grønnevik, Finnås
3. Matros	Lauritz Vika, Vika, Bømlo
4. Matros	Trygve Sørenes, Holme, Bømlo
1. Maskinist	Strand, Haugesund
2. Maskinist	Flåm, Haugesund
1. Fyrbøter	Anton Stokke.Sortland, Bremnes
2. Fyrbøter	Johannes Pedersen, Våge, Finnås
Restauratør	Ingeborg ?, Laksevåg
Kokk	Olav Olsen, Stavanger
Lugarpike (Trise)	Signe ?, Bergen

Eit mannskap på 16.

Matros Trygve Sørenes er ein av få som framleis kan fortelja om livet ombord på D/S “Karmsund”.

På botnen av skipet, heilt framme i baugen, hadde fyrbøterane kvar sin lugar, og matrosane hadde ein lugar ilag, med over- og underkøyer. Det var som å bu under havet, dei såg berre sjøane som klaska mot ventilen. Bak desse lugarane, i botnen av skipet, var lasteromet, og vidare akterut dampmaskina, vidare enda eit lasterom.

Frå lugaren kleiv matrosane ei bratt tropp opp til mellomdekket. Her var luka til lasteromet og kyrabåsen. Deretter byssa og den store salongen, bak salongen lugarar for kaptein og maskinsjef.

“Karmsund” hadde 8 lugarar under dekk og 2 på hovuddekket. Messa til mannskapet var forut på styrbord side, og offiserane åt akterut i salongen.

“Karmsund” kom til Stavanger kl. 22.00 sundag kveld, og låg roleg ved kai til kl. 07.00 mandag morgon. Då tok lossinga til. Full fyr i maskina, maskinisten sleppte dampen



D/S "Karmsund" i Haugesund i 1945. Foto frå Knut Morland

på. Sjuarane kom frå land og gjorde klart i rommet. 2 styrmann sto i vinsjen, og ein matros i gajen. Kokken kokte kaffe, restauratøren provianterte. Trisa vaska og stelte salongar og lugarar. 1 styrmann selde bilettar og tok imot last. Kapteinen bestemte kurs og fart.

"Karmsund" kunne ta 8 levande storfe, det var helst livdyr til Haugesund. Desse hadde ofte ein pose med høy rundt halsen til niste. Dei blei heiste ombord i sele under magen ned til mellomdekket, og plasserte i kyrabåsen. Mange varer kom frå bøndene på Jæren: poteter og grønsaker. Båsen og styrmennene stykka ut all last og la det klart etter tur til losseplassane. Mykje gjekk nordover frå Stavanger: jarnkrokar, skruer, boltar og store jarnplater, som måtte stuvast på dekk. Dette skulle til mekaniske verkstader i distriktet.

Frå Stavanger gjekk "Karmsund" ofte til Tau mølle, og lasta 50 kilos mjølsekkjer, totalt 350 sekkjer. I byar og tettstader bala fleire bakarar, som dag for dag trong meir mjøl.

Etter lasting og lossing vart fortøyningane sleppte, og "Karmsund" var ute i rom sjø, på veg til neste stasjon. I styrehuset reknar kapteinen eller styrmannen ut kursen. Dei sender telegrafisk signal til maskinisten: full fart, opne for dampen, sakte fart, luka halvt for dampen, stopp, stengja dampen. Dei rettleider matrosen, som står med rattet og styrer etter kompas. I trange sund, mellom holmar og skjer, i skodde eller snøtjukke, kan kjentmannen peika på beste løpet.

Når "Karmsund" var utlossa i Haugesund mandagane, blei fyrste erend alltid å gå sør til kolakrana og bunkra. På mellomdekket var det to mannlokk i kyrabåsen. Her opna fyrbøtarane, og ein slange, kalla kolasjuten, leda kolet rett ned til kolabaksen. I maskina sto fyrbøteren, svart av sot og sveitte, og lempa kol inn i det gloande omngapet, medan maskinisten opna eller stengde for dampen.

I Haugesund tok "Karmsund" inn mykje forskjellig last, og ein del kolonialvarer til krambuene i distriktet, som sukker,

sirupstunner, kaffe i jutesekker, skråtobakk. I Espevær lossa "Karmsund" tunnestav og hatleband til bøkkaren, og tok inn store, fine laksar og anna fisk i kasser med is, til Bergen.

På kvar stoppeplass var handelsmannen ekspeditør for ruta.

Etterkvart bygde dei fleste dampskipskaiar. Den siste kom på Lykling sommaren 1953. Vika hadde ikkje dampskipskai. Ekspeditøren måtte henta og bringa passasjerar og varer i føringsbåten. Ein dag kom lærar Bore ut med hatt og frakk og praply, blei dradd ombord på "Karmsund" i eit tau, han skulle til Bergen. Ein dag kom stuten frå Vika ut i føringsbåten, skulle til slaktehuset i Bergen, men der ramla stuten på sjøen! Dei fekk eit farleg bal med berginga, men «den drukner ei som skytes skal».

I Bergen blei "Karmsund" liggjande eitt døger. Under liggjetida vart det utført diverse vedlikehald. Dei laut også etterfylla bunkers med 30 sekkjer frå Solheimsviken. Matrosane bar kolet og tømde det ned mannlokka, rett i kolabaksen. Og naudsynt var ein tur inn til Vaksdal mølle, for å lasta ny forsyning mjølsekkjer til bakarane. Bergen leverte mykje mekanisk verktøy ut i distriktet, m.a. syreflasker (brukt til sveising). Frå reperbanane kom tau og trosser; fiskarane venta på garnbolkar og notbolkar.

"Karmsund" hadde 8 passasjerlugarar, og 3 salongar. To salongr var plasserte nede, ein

forut og ein akter. I tillegg var det ein liten salong akter på hovuddekket. Passasjerar som skulle langt tok gjerne lugar. Og dei kunne få middag i salongen, kanskje med kapteinen ved bordenden. Kvit duk, fint skaffetøy, trisa i stiva forkle og kappe.

Då “Karmsund” hadde gjort si teneste i mange år, ville Haugesunds Dampskibsselskap ha eit større og meir moderne skip. Den 10. august 1953 slutta “Karmsund” etter siste reis, og M/S “Stolmen” tok over ruta.

Då det var slutt med livet ombord på “Karmsund”, måtte Trygve Sørenes inn i militæret, for eit år. Den 1. januar 1960 mønstra han som styrmann på “Stolmen”.

Damparen «Southern Gem» var bygd i 1929 for «The Southern Waling co.» på Falklandsøyane (Argentina) til kvalfangst i Sydishavet. Skipet blei i 1936 kjøpt av Hvalfangst AS, Knut Knutsen O.A.S, i Haugesund, og omdøpt til «Suderøy VI». Men i 1951 blei skipet opplagt som kvalfangar, og deretter ombygt ved Haugesund mek. verksted til laste- og passasjerskip, ferdig i 1953. Då straks leigd ut til Haugesunds Dampskibsselskab, og omdøpt til “Stolmen”.

M/S “Stolmen”, bygd 1929, i rutefart 1953 - 1973.

“Stolmen” var eit stort skip, med tonnasje 361 brt., solid bygt, av tjukke jarnplater. Dampmaskina var tatt ut, og ein ny dieselmotor sett inn, med styrke 520 BHK.

Ei fløyte gir gjenlyd i berget, varslar at “Stolmen” er på innsegling. Folk samlar seg på kaien. Sjå det store skipet, bygt opp i 3 høgder, kvitmåla, styrehuset øverst, kapteinen på brua i full uniform! Og alle vindauga! På båtdekket står livbåten bak salongen. Hovuddekket ligg over heile skipet. Lengst akter er her lugarar for offiserane, og tropp ned til maskina og til lugarar for chieffen, styrmannen, 2. maskinisten og messegutten. Oppe på hovuddekket er det 2 lugarar akter, og i akterkant av lasterommet under dekk 7 lugarar. Lengre framme er master, bom og vinsj. I baugen, under bakken står stutabåsen. Her bur matrosar og båts.

I 1960 er fylgjande mannskap på “Stolmen”:

Kaptein	Nils Bergtun
Styrmann	Trygve Sørenes
Kjentmann	Karl Karlsen
Båtsmann	Olav Sele
1. Matros	Olav Olsen Mæland
2. Matros	Osvold Korneliussen
3. Matros	Bjarne Tverborgvik
4. Matros	Artur Bergtun
Chief	Nils L. Mæland
2. Maskinist	Gunnar K. Mæland
Restauratør	Johannes Jensen
Messegut	Terje Aksnes


Ialt 12 mann.

Styrmannen løyste av kapteinen i styrehuset. Det var ei hard segling, ope hav over Sletta, Selbjørnfjorden, Korsfjorden. I vest-nordvest kom det mykje sjø som la seg innpå Selbjørn. Og Hiskehavet var eit tøft havstykke, nakent berg, det bar på hola landet. Ved Blåkinn og vestover hende det at ein brukte fløyta for å få gjenlyd, vel å merka i skodde. “Stolmen” var som andre båtar, den slingra etter som ver og vind var.

Mellom Stavanger og Bergen hadde “Stolmen” same anløpsstadane som “Karmsund”, men i tillegg var den ein tur til Sauda kvar torsdag. Avgang frå Haugesund var kl. 07.00 om morgonen, og på vegen innover hadde den stopp i Kopervik, Nedstrand, og Sand. Retur frå Sauda var kl. 16.00. Den var innom same stadane på veg utover, og ankom Haugesund kl. 22.30.

“Stolmen” kunne ta 6 levande dyr, kyr og stutar, til slaktehuset i Bergen. Men i overhendig uver nekta styrmannen å ta dyr ombord. Men elles kunne dei ta med ein hest, ja endatil to hestar. Hestane var alltid redde: det var med naud dei let seg leida opp over landgangen. Ein hest var so rasande redd og fortvila at han sparka og beit og skreik. Styrmannen tok han i beislet, strauk han og snakke varleg, dei gjekk tur rundt og rundt, til hesten roa seg og fulgte ombord.

Det var ikkje berre stas å reisa med “Stolmen”. Ei Espeværsjente skulle til Haugesund på julehandel. Ho sat i salongen nede. Men straks etter Odno tok “Stolmen” til å slingra, og verre blei det utfor Ryvarden, byljene slo mot glasa, og folk byrja å anka seg. Jenta vart heit i




M/S "Stolmen" som kvalbåten "Suderø VI".

Foto frå Trygve Sørenes

hovet, ho braut seg, og såg spyposar alle stader, ho var endelaust sjuk over Sletta.

Borna på Husa og Holme skulle med skuleklassen sin kvart år til skuletannlækjar i Haugesund. Dei gjekk ombord på "Stolmen" i Grutlefjord. Når dei hadde passert Espevær, blei dei sjuke, ein etter ein, snart alle isamen, heilt elendige, før dei endeleg kom til byen. Tannlækjaren var ein nådelaus sadist. Etter torturen fekk borna trøysta seg med ein kopp kakao på Meierikafeen. Men etterpå var det same sjøturen heim att.

Lasta var elles som før mjølsekkjer frå Tau eller Vaksdal, til bakarane. Frå Brandasund,



M/S "Stolmen". Foto frå Trygve Sørenes

Møgster og Bakkasund kom alltid fisk i kassar med is, til Bergen. Handelsmann Larssen i Espevær tok imot pigghå frå fiskarane, og sende håen direkte med "Stolmen" til Melingsvåg eller Øklandsvåg. Her sløygde dei og flensa og pakka håen, og sende dei ferdige pakkene med lastebil til Urangsvåg. "Stolmen" hadde 5 timar stopp i Urangsvåg, og tok ombord håpakkene. Her kom og mange passasjerar som skulle til Bergen. "Stolmen" hadde 9 passasjerlugarar, og dei to salongane med øl- og vinrett.

Om sommaren kom

frå distriktet store spann med mjelk til Bergensmeieriet, opp til 200 spann, som sjølsagt måtte stå både i rommet og på dekk. Samstundes var det støtt og stendigt fleire turistar som skulle til eller frå Bergen. Og det blei mykje tomgods å frakta på. Styrmannen, som sat med bøkene og førte rekneskap, kunne ikkje fatta korleis alt isamen skulle plasserast.

Trygve Sørenes sa seg opp som styrmann på "Stolmen" i 1967. Han blei då skipper på H.S.D. si nye passasjer- og bilferje M/F "Samband", i ruta Langevåg - Buavåg.

M/S "Stolmen" gjekk i same farten til 1973, då skipet blei selt. Haugesunds

Dampskibsselskab sette då den nye westamaranen "Haugesund" inn i ruta.

Kjelder :

Haugesunds Dampskibsselskab, arkiv.

Munnlege kjelder :

Trygve Sørenes, styrmann på Stolmen.

Selma Karin Vestvik, Espevær.

Else Urangseter, Husa.

Nils Vika

«Til Espevær for å fylla vatn» Ved Bernt Emil Vika

Rundt omkring i landet står det minnestøtter for å heidra dei som ofra livet sitt i motstandskampen mot tyskarane i krigen 1940 - 45. Minnestøtta i Langevåg vart opprinneleg reist i krysset mellom riksvegen nordover og vegen til Vorland, men vart i 1960 flytta dit ho står i dag, utanfor Bømlo nye kyrkje. På støtta er inngravert namna på 8 personar, alle unge menn som omkom i teneste for fedrelandet under krigen. Kvart år vert dei minna ved kransenedlegging 8. og 17. mai. Arrangementet 8. mai er det elevane ved Hillestveit skule som står for, ei fin ordning som skal bidra til at nye generasjonar ikkje gløymer krigen og dei som gav livet sitt for fred og fridom.

BARNDOM

Eit av namna på minnestøtta er Nils Berner Vika. Han vart fødd på garden Myrane på Vestre Vika den 12. april 1922. Foreldra var Kristian og Elemina Vika. Kristian hadde kjøpt Myrane, halvdelen av garden på Vestre Vika, av mora, Brynhild, då far hans, Nils, døydde i 1913. Her bygde han våningshus og løe i nord-austre delen av bøen, bortunder Bjørkefjellet. Vidare drenerte han myra med djupare veiter og skaut større avløp i bekken i sørkanten av garden. Garden var då etter måten lett driven med flatt åkerland og korte avstandar til jorda.

Nils hadde to søsken, Kristian, f. 1911 og Kari, f. 1914. Kristian drog til sjøs og slo seg seinare ned i Amerika, så det låg i korta at det var Nils som skulle overta garden. Men slik skulle det ikkje gå.

Garden Myrane må ha vore ein svært spanande stad for ein unggut å veksa opp. Her var det fine sletter å boltra seg på. Utmarka med store lyngvidder låg like ved, klar til å bli utforska. Bekken frå Vikavatnet rann gjennom utkanten av bøen, og om hausten var her aure å fanga. Om vintrane, når det var kaldt nok, var Leirmyra ein

fin skeiseis. Nibba, eit stort fjellutspring over ein heller, må ha vore som ein magnet på ein aktiv kar, men sjølv sagt også farleg. I Tressvika låg naust og båt, så fiske på Vikafjorden og i øyane utanfor var ein sjølv sagt aktivitet for Nils.



Nils Vika

Lenger nede i bekken som rann over Myrane låg der eit kvernhus. Dette vart brukt av gardane på Vestre Vika, og dei på Berge og Tjong. Når kornet var moge på ettersommaren, vart det skore, hengt på staur og tørka. Deretter vart det frakta inn på låven for å bli trøska og drøfta. Så vart det lagra til utpå hausten når regnet sette inn. «Dette vert godt kvednavatn», pleidde folk å seia når dei tunge bygene sveipa over landskapet. Bekken gjekk opp, og vart stor og svulmande. Det var tid for å mala. I eldhuset vart det fyrt

opp under ei diger jernplate med kant på. Her vart kornet spreidd utover og tørka godt før det varsamt vart dryssa ned mellom dei store tunge kvernsteinane og kom ut som kvitt, mjukt mjøl. For Nils og dei andre borna på Vestre Vika var aktiviteten i kvernhuset sitrande spaning. Steinane «song» så fint der dei sveiv rundt, dregne av den kraftige kvernkallen nede i fossen. Stundom fekk dei lov å smaka på det nykverna mjølet. Rett som




Nils saman med foreldra på garden Myrane

det var fekk dei mjøl i vrangstrupen med hosting og harking som resultat.

Nils var ofte saman med søskenbarna sine frå Vestre Vika. Svært ofte var det slåball dei fordreiv tida med. Ein rågummiball var sjeldan vare, og fekk dei tak i ein slik, var det stor stas. Ein gong kom onkelen deira, Henrik Vika, heim med eit sett med crocketkøller. Dette hadde dei mykje moro med. Dei sette spelet opp i tunet, og så sant det ikkje var andre plikter, «tustra» dei og spelte dagen lang, spesielt i helgane.

Skulle folka på Myrane til butikken på Vika, hadde dei fleire måtar å ta seg fram på. Dei kunne gå eller køyra med hest forbi garden til Lauritz



Nils i konfirmasjonsalderen

Vika på Heddene og koma ned i Vikadalen ved gravplassen. Når dei var komen til garden på Heddene kunne dei velja å gå vidare sørover og koma ned i Vikadalen ved huset til Anton Vika. Denne vegen var del av den gamle vegtraseen mellom Vika og Holme før bilvegen kom. Dei kunne også gå over Heddene mellom Westrheimstunet og huset til Severin Vika, midt i Vikadalen. Men den mest vanlege måten å koma seg til Vika på var å gå til Tressvika og ro derifrå.

Åra 1917 - 18 dreiv Ingvald Vika handel i kjellaren i huset til broren, Karl Vika, oppunder brotet på austsida av riksvegen ved dagens kryss til Vestre Vika. Då Ingvald døydde i 1918 overtok Karl drifta. I tillegg til handel hadde han telefonstasjon og postopneri.

På slutten av 1920-åra flytte han verksemda si over til Skippervik, til Nordberg og huset som ligg like innom moloen på sørsida. Dette huset

var det Amund Vika som hadde bygt i 1918, men han laut gå frå det p.g.a. nedgongstider utover 1920-talet.

Skulen for borna på Vestre Vika låg på den tida på Tjong. Lærer her var i ei årrekke P. T. Bore. Han kom frå Jæren og vart tilsett ved Tjong skule i 1924. Han slo seg til der og bygde etter kvart hus i Labben på Vika. Skulen på Tjong var to-delt, og elevane gjekk annankvar dag. Småskulen gjekk mandag, onsdag og fredag, medan storskulen gjekk tysdag, torsdag og halve laurdag.

Nils var omgjengeleg og

pratsom. Nokre kalla han for «skroveska», men det lika han ikkje. I familien vart han kalla «Lillegutt» medan han var liten.

På Myrane hadde dei fleire hestar. Ein stor svart, kalla Bella, hadde dei saman med Severin og Bertha Vika. Ein annan hest dei hadde gjekk seg fast i ei myr og måtte avlivast. Den hesten Nils er saman med på biletet fekk dei som unghest. Han vart etter kvart så stor og uregjerleg at dei måtte kvitta seg med han. Hesten vart seld til Sveio, men havna til slutt på Austlandet som skogshest. Under Nils sin oppvekst hadde dei tre mjølkekyr og nokre ungdyr. Sauehald kom til noko seinare.



Nils med hesten som vart seld til Sveio

Nils var flink med nevane og likte å laga modellar av båtar. Modellen på biletet er laga av han, og båten er svart fint forseggjord og rik på detaljar. Kanskje var det draumen om arbeid på sjøen som gjorde seg utslag på denne måten?

OVER TIL SKOTTLAND

Då krigen braut ut i 1940, var Nils 18 år gammal. Mange unge flykta over til Shetland eller Skottland dei første åra av krigen for å gjera teneste for Norge i utlandet, og for å unngå å bli innrullerte som Hitler sine soldatar. Eventyrlyst var nok også drivkrafta hjå nokre. Flukta måtte skje i den største hemmelighet, færrast mogeleg måtte få vita at dei drog, og ein laut stola absolutt på dei ein drog saman med.

Sidan 1929 hadde motorskøyta «Bob» vore heimehøyrande på Vika. Skøyta var eigd av Anton M, Severin, Karl og Eilef Vika. Båten var 39 fot lang og hadde ein 10 HK Wichmann motor. Fiskerinummer var H-31-BO. Båten vart for det meste brukt som følgjar på brislingfiske, på fiske med landnot og på vintersildfiske.

Sommaren 1941 var Nils med «Bob» på fiske med not. To andre unggutar, Jens og Erik Grutle,



Ein av modellbåtane som Nils laga

var også med. Den 20. juli var dei heime i Vikafjorden. «Heile bygda» var denne dagen samla til møte på skulehuset, og medan dette møtet pågjekk, bestemte gutane seg for å ta «Bob» og dra over til Skottland. Ein mann frå Vika kom over dei i det dei var i ferd med å leggja ut, og han spurde kvar dei hadde tenkt seg. «Til Espevær for å fylla vatn», svara dei. Mannen visste at dei var mannskap på «Bob», så han syntest det høyrdest truverdig ut. Men gutane hadde heilt andre planar, og kursen vart sett mot Skottland.

Turen over gjekk fint, og dei var framme i Lossiemouth i Skottland den 23. juli. Eigarane av «Bob» melde tjuveriet til lensmannen, som



Motorskøyta "Bob"

hadde plikt til å setja igong etterforskning. Lensmann på den tida var Henrik Robberstad. Han var nok klar over kva som hadde skjedd, og som den gode patrioten han var, gjorde han ikkje noko framstøt for å finna båten før han var heilt sikker på at både båt og mannskap var vel framme i Skottland.

Dei tre gutane vart tekne hand om av dei allierte styrkane i Skottland. Nils og Jens gjekk inn i flyvåpenet og Erik i den norske handelsflåten. Nils fekk utdanning som skyttar.

Vinteren 1942 / 43 søkte han

seg over i marinen og kom etter kvart med i Shetlandsgjengen.



Nils Vika og Jens Grutle i uniformen til flyvåpenet

Skøyta «Bob» vart verande i Storbritannia til etter krigen. Då vart ho slept heim. Motoren vart reparert i Mælandsvågen, og det vart montert nytt styrehus og ny rekke i Vikafjorden. Rundt 1950 vart «Bob» seld til Utsira og fekk namnet «Glimt». Skøyta vart forlengd, og det vart sett inn ny motor. Båten eksisterte heilt fram til 1966, då den vart kondemnert og brend.

Britane hadde i 1940 oppretta ein base på Shetland for å utføra operasjonar i Norge. Mange norske fiskebåtar hadde kome over dit med flyktingar, og vart liggjande i Scalloway, Lerwick eller ved basen i Lunna Voe. Britane brukte nokre av desse båtane til å transportera sabotørar, etterretningsfolk, instruktørar og militært utstyr til Norge. Tilbake til Shetland tok dei med folk som av ein eller annan grunn måtte koma seg vekk frå tyskarane, folk det «brann under føtene på» og som «visste for mykje». Desse kunne så formidla viktig informasjon om tyskerane i Norge til dei allierte. Denne trafikken måtte skje i all hemmelighet. Båtane sneik seg ut frå norskekysten i ly av mørkret og under dekke av å vera vanlege fiskebåtar. Som mannskap på båtane vart verva norske fiskarar som hadde flykta over Nordsjøen frå Norge. Det var i denne illegale nordsjøtrafikken at Nils fekk teneste.

Den første basen nordmennene hadde på Shetland låg i Lunna Voe. Her hadde dei eit stort herskapshus, Lunna House, til disposisjon. Havna låg omlag 100 meter nedanfor huset. Der var det ein liten pir, og ved sida av den låg der eit lagerhus som vart brukt til å oppbevare utstyr som skulle til Norge. Sjølve havna var svært lita, og difor måtte båtane liggja på svai lenger ute i vågen. Dei var innom piren for å gjera klar for tokt over Nordsjøen og for vedlikehald og reparasjon. I dag ligg havna akkurat slik ho gjorde medan nordmennene var der. Pullertane er dei same, og leideren frå piren og ned i sjøen er der framleis slik han var under krigen - rett nok noko meir rusta. Etter krigen har Lunna House hatt fleire eigarar. Dagens eigar brukar huset til «bed & breakfast», og han har sett seg føre å restaurera huset til slik det var medan det vart disponert av Shetlandsgjengen. Framleis heng det bilete av Leif Larsen og mannskapet hans i salongane. Nedanfor huset ligg der ei lita kvitmåla kyrkje med ein kyrkjegard utanfor.

Den første som omkom i teneste i Shetlandsgjengen, Nils J. Nesse frå Bremnes, vart graven her. Etter krigen vart han flytta til gravplassen utanfor Bremnes kyrkje.

Nordmennene hadde Lunna til base til seint på året 1942. Havna i Lunna Voe vart for lita og det var ikkje høve til større reparasjonar eller slippsetjing der. Dei fekk då tilbod om nye lokalitetar i Scalloway. Her hadde Jack Moore ein liten verkstad med slipp. Like over gata var det ei brakke som mennene fekk bu i. Dette huset blir den dag i dag kalla Norway House. Leif Larsen budde i eige hus lenger borte i gata. Jack Moore vart til stor hjelp for nordmennene. Han var svært dyktig og kunne ordna det meste. Fleire



Piren og havna ved Lunna. Denne basen gav nordmennene opp i 1942 og flytta til Scalloway. Foto frå 2004



Kyrkja i Lunna med Lunna House i bakgrunnen.

båtar hadde Wichmann-motorar. Når desse trong nye delar, hende det at tyskarane vart lurte til å produsere delane på fabrikkjen på Rubbestadneset, og ved hjelp av m.a. Martin Stavland vart dei smugla over til Shetland. Slik bidrog tyskarane sjølv til å oppretthalda trafikken dei så gjerne ville ha slutt på. Verkstaden til Jack Moore er der den dag i dag og vert driven omtrent på same måten som under krigen.

Totalt gjekk norske fiskeskøyter rundt 80 turar over Nordsjøen. 10 skøyter vart enten søkkte av tyskarane eller forliste under overfarten. 44 mannskapsmedlemer og meir enn 60 flyktningar omkom i alt. Det største enkelttapet var då



Slippen på verkstaden til Jack Moore. I bakgrunnen piren der dei norske skøytene pleidde å liggja



Norway House i Scalloway. Brakka der Nils og mange andre norske flyktningar budde under krigen

«Blia» forliste med 42 personar ombord, 35 flyktningar og eit mannskap på 7. Skøyta gjekk ut frå Øklandsvågen seint om kvelden den 11. november 1941. Veret var dårleg, søraust storm, men redselen for å verta tekne av tyskarane var så stor at dei la ut trass i uveret. Lagnaden til skøyta er ukjend, men ho nådde aldri Shetland slik meininga var.

Tyskarane kom etter kvart under ver med denne trafikken og sette fly og krigsskip inn for å få stansa den. Fiskebåtane som vart brukte gjekk seint, og når dei vart oppdaga, var dei eit lett

bytte for tyske fly. Etter som tapstala auka, vart behovet for meir hurtiggåande fartøy større, og tre ubåtjagarar vart sette inn, «Hessa», «Hitra» og «Vigra». Desse gjorde i alt 114 tokt over Nordsjøen frå 1943 og til krigen var over. Verken personar eller materiell gjekk tapt på desse turane.

“BERGHOLM”

Etter at Nils hadde søkt seg over i marinen og var komen inn i Shetlandsgjengen, vart han mannskap på kutteren «Bergholm». Denne båten vart bygd i 1935 for A/S Haabrandkompaniet i Måløy og fekk fiskerinumner SF-3-SV. Kuttene var 62,2 fot lang og motoren var ein 90 HK Brunvoll. Den 4. juni 1940 vart den rekvirert til evakueringsbåt under kampane i Norge. Hausten 1942, medan båten var på Island, vart den henta til Shetland og rekvirert av Royal Navy til bruk i den illegale Nordsjø-trafikken.


Då Nils tok til på «Bergholm», var Leif Andreas Larsen, «Shetlands-Larsen», skipper på båten. Larsen vart ein legende i trafikken over Nordsjøen under krigen. Han var fødd i Bergen i 1906. Etter å ha delteke i

den finske vinterkrigen og i motstandskampen på Austlandet i 1940, måtte han i februar 1941 flykta over til England. Flukt båten var fiskebåten «Motig I». I England kom han inn under Kompani Linge, et kompani av nordmenn som skulle planleggja og gjennomføra sabotasjeaksjonar mot tyskerane i Norge. I august 1941 vart han stasjonert på Shetland og kom med i den illegale trafikken over Nordsjøen. Han gjennomførte i alt 52 turar mellom Shetland og Norge. Fleire gonger var han i livsfare, men han overlevde, og for innsatsen sin vart han den

høgast dekorerte norske marineoffiseren under krigen.

Den første turen Nils hadde med «Bergholm» vart gjennomført oppunder jul i 1942. Ein familie frå Bergen med to jødiske adoptivbarn trong sårt å koma seg i sikkerhet. Familien hadde tatt rutebåt til Rubbestadneset, der dei vart henta av Martin Stavland og doktor Hus og kjørde til Finnås. To av familiemedlemmene vart innlosjerte hos sokneprest Peter Robberstad, dei to andre hos Nils Bjørkeli. Robberstad og Bjørkeli hadde kvar buande hos seg to andre flyktningar som også var ettersøkte, og som måtte koma seg over Nordsjøen.

Den 20. desember la «Bergholm» ut frå Shetland for å henta flyktningane som låg i skjul på Finnås. Mannskapet, i tillegg til Nils Vika, var Leif Larsen (skipper), Odd Rudolf Hansen frå Haugesund, Johannes Kalve frå Austevoll, William Enoksen frå Kristiansund, Andreas Færøy frå Solund og Gunnar Klausen frå Oslo. Turen over Nordsjøen gjekk fint, trass i liten storm, og dei kom seg trygt inn til Melingsvågen på Bremnes. Der la dei seg til ute i vågen, og flyktningane vart rodde ut til båten. Mannskapet på «Bergholm» nytta høvet til å henta seg eit juletre medan dei var i Norge. Dette skulle pynta opp på basen i Scalloway. På tilbaketuren var det framleis ruskever og motoren stoppa ei stund. Men tidleg om morgonen på julaftan 1942 la dei



Kutteren "Bergholm" med livbåten der Nils døydde

til kai i Scalloway med 8 flyktningar, som, trass i sjøsjuka over Nordsjøen, no var lykkelege over å vera i sikkerhet.

Hausten 1942 hadde Leif Larsen som skipper på motorkutteren «Arthur» delteke i eit svært hemmeleg prosjekt omkring nokre britiske miniubåtar kalla Chariot. Desse skulle brukast til sabotasjeaksjon mot det tyske slagskipet «Tirpitz» som låg i Åsenfjorden, ein arm av Trondheimsfjorden. To spesialtrenna mann i dykkardrakter skulle sitja oppå kvar ubåt og festa sprengladningar til «Tirpitz» med sterke magnetar. Sprengladningane skulle vera tidsinnstilte og gå av når ubåtane var i sikkerhet. Prosjektet kom så langt at ubåtane vart frakta til Trondheimsfjorden med «Arthur», men aksjonen vart mislykka etter som ubåtane sleit seg under slep og gjekk til botnar. Larsen og mannskapet hans måtte senka «Arthur» og koma seg over til Sverige. Derifrå fekk dei plass på ordinært rutefly tilbake til London.

Men britiske militære myndigheter gav ikkje opp prosjektet med miniubåtane, og dei ville gjerne knytta Leif Larsen til prosjektet. Han var no skipper på «Bergholm» og hadde med seg som mannskap m.a. Nils Vika. Treninga med miniubåtane tok til på nytt og heldt fram utover vinteren 1943, men etter som ubåtane no var blitt større, fann dei ut at «Bergholm» hadde for lita motorkraft til å dra ubåtane, og båten vart tatt av prosjektet. Men aksjonen vart gjennomført med hjelp av andre båtar, og «Tirpitz», som no hadde forflytta seg til Altafjorden, vart påført store skadar.

Den andre turen til Norge for Nils gjekk ut frå Shetland den 3. mars 1943. Båten var «Bergholm» og mannskapet det same som på turen til Melingsvågen før jul året før. Skipper var Leif Larsen. Oppdraget var å frakta ein Linge-agent, Karl Johan Aarsæther, over til Norge. Veret var dårleg, og dei låg

og stampa nokre dagar utanfor mørrekysten før dei fann det forsvarleg å setja agent og utstyr i land. Dei returnerte til Shetland den 11. mars, og Larsen skreiv som vanleg i rapporten sin om turen at det var «intet å bemerke».

TYSK FLYANGREP

Allereie seks dagar seinare, den 17. mars 1943, fekk «Bergholm» ny tur til Norge. Skipper og mannskap var som før, men i tillegg hadde dei fått med seg Finn Clausen frå Oslo. Dette var Nils sin tredje tur, og det skulle visa seg å bli hans siste. Oppdraget var å forsyna ei motstandsgruppe på Træna i Nordland med våpen, ammunisjon og utstyr. Lossearbeidet var ferdig ein søndag, og det vart bestemt at dei skulle liggja i ro til mørkret fall på. Nils nytta høvet til å ta ein tur over lyngheiane i nærleiken. Han ville ha norsk jord under føtene ei stund, dessutan var lufta betre å pusta i i Norge enn på Shetland, hevda han.

Etter vel utført oppdrag, sette dei straks kursen tilbake mot Shetland. Vest av Frøya, på kysten av Sør-Trøndelag, vart dei oppdaga av eit tysk rekognoseringsfly. Klokka var då ca. 14.00 den 22. mars. Det var stille og klart ver med god sikt, dei var difor lette å få auga på frå lufta. Flyet gjorde nokre rundar rundt båten, etter alt å døma for å finna ut kva fartøy dette dreidde seg om. «Bergholm» var utstyrt med to Colt-mitraljøser, ei forut og ei akter. Dessutan hadde båten to Lewis guns kamuflerte under oljefat, ei på kvar side midtskips. Desse vart raskt avdekka og klargjorde. Det var ingen grunn til å lata som om dei var fiskebåt, dei var for langt ute til å driva fiske. Etter ei stund sette flyet kursen mot land igjen, i retning av Trondheim. Men mennene visste kva som var i vente, difor sette dei fram ammunisjon og gjorde båten kampklar så godt det let seg gjera. Håpet var at eit angrepet ikkje kunne setjast i gong før mørkret gjorde det uråd for tyskerane å angripa.

Men så, rundt kl. 18.00, kom to store tyske flybåtar siglende mot dei. Desse hadde andre hensikter enn berre å rekognosera. «Shetlands - Larsen» observerte heile tida dei tyske flya nøye. Det var viktig å manøvrera slik at skyttarane kunne bruka mitraljøsene så effektivt som mogeleg. Det første angrepet kom frå styrbord.

Nils sitt ansvar var å forsyna skyttarane med ammunisjon. Flya nærma seg. Til saman tolv bomber vart sleppte i det første angrepet, seks frå kvart fly. Ingen av dei traff båten, men nokre var svært nær. Så kom angrepsbølgje på angrepsbølgje. Kuleregnet frå flya sine automatvåpen kom som ei stripe over havflata og flisa opp rekker og dekksplankar då det før over båten. Granatar slo ned og sende fliser av metall og treverk rundt seg. Etter som båten slingra noko i dønningane, var det vanskeleg for skyttarane på «Bergholm» å treffa flya. Men etter ei stund vart det eine flyet truffe såpass at det sette kursen mot land. Fleire av mennene var no såra, nokre så hardt at dei ikkje greidde å delta i forsvaret av båten lenger. Anderes Færøy, som var skyttar på mitraljøsa akterut, vart så mykje skada at han i all hast måtte bringast under dekk. Nils overtok mitraljøsa. Han hadde fått skyttaropplæring på Shetland og var no tend på å gjera sitt aller beste. Det flyet som var igjen kom på eit siste angrep. Nils lot kulene hagla mot flyet. Han traff styrbord motor og ein svart røyk stod som ei stripe bakover. «Såg dåke kos eg traff da», ropa han av begeistring. Men gleda vart kortvarig. Smerter i den eine foten fekk han til å sjå ned. Han sette i eit skrik. Foten var truffen av ein granat og avriven eit stykke over ankelen. Flyet stemnde mot land og forsvann i horisonten. Dei som var i stand til det sprang mot Nils for å hjelpa. Blødninga måtte stoppast så godt det let seg gjera, og eit tau vart stramma rundt leggen. Deretter vart han frakta under dekk og plassert i ei køye i lugaren. Dei hadde lite førstehjelpsutstyr med seg, så dyne- og putevar vart rivne opp til bandasje. Blodtapet hadde allereie vore stort, og Nils skjønna at dette var alvorleg og livstruande.

Angrepet hadde vart i 35 minutt, og lagnaden til båten var no gitt. Den tok inn vatn og begynte sakte si uunngåelege ferd ned. Motoren stansa. På dekket låg hundrevis av tomme patronhylser og følgde båten si rulling, ein uhyggeleg gravferedsmusikk for ei stolt skute.

I tillegg til Nils var også fem av dei andre mennene såra. To av dei sat på dørken og støtta seg på kvarandre. Andre dreiv nødvendig førstehjelp både på seg sjølv og kameratane sine. Nokre fann trøyst i ein røyk. Sinne og frustrasjon

var tydeleg både i handling og språkbruk hos enkelte.

Men her var det inga tid å miste. Livbåten, den einaste redninga dei hadde, måtte sjekkast. «Bergholm» var utstyrt med ein 16 fot kvitmåla livbåt. Til alt hell var ikkje skadane på denne så store. Ingen bord var splintra, dei einaste skadane båten hadde fått var nokre hol, eitt på størrelse med ein knyttneve. Men desse måtte til gjengjeld reparerast ordentleg. Materialet dei brukte til å lappa med var seilduk, blekkboksar og grease. Medan nokre arbeidde med dette, ordna andre med det dei trong å ha med seg i livbåten. Ullteppe, tjukke jakkar, vatn, mat. Ein liten skvett rom på ei flaske til medisinsk bruk var det også plass til. Så vart livbåten låra, og dei var klar til å gå frå borde. Nils hadde store smerter, og mennene gjorde sitt ytterste for å få han i livbåten på ein så skånsom måte som mogeleg. Han vart plassert framme i båten, liggjande delvis oppetter eine sida. Rundt klokka to om natta den 23. mars skubba dei frå. «Bergholm» låg då og duva tungt i sjøen. I det dunkle månelysset såg den ut som eit spøkelsesskip. Avrivne stag og den uhyggelige musikken frå partonhylsene forsterka dette inntrykket.

Det var vedmodig for mennene å forlata «Bergholm» på denne måten, og den ferda dei no la ut på var i høgste grad usikker. Det dei hadde å setja si lit til var eit svakt håp om å bli berga og håpet om framleis godt ver. Fleire av mennene var så hardt såra at dei ikkje var i stand til å ro. Leif Larsen hadde fått ein granatsplint i eine låret, men trass i dette tok han sin tørn bak årane. Han var ei stund i tvil om kva retning dei skulle ro. Avstanden til Shetland var fleire hundre kvartmil, medan avstanden til Norge berre var omlag 90 kvartmil. Å ro heilt til Shetland ville ta svært lang tid, og det var lite sansynleg at dei ville ha krefter nok til å gjennomføra turen. Det kunne dessutan fort blåsa opp til uver, som lett ville bryta sund den overfylte livbåten.

Avgjerda vart tatt om å ro mot Norge, og kursen vart sett mot Ålesund. Men ville dei greia å ro så langt? Kva ville skje når dei kom til lands? Ville dei bli oppdaga av tyskarar? Eller nordmenn? Var nordmennene som evt. oppdaga dei til å stola på? Her var det mange usikre faktorar.

Det var stjerneklart og nordlyset flamma over himmelen. Berre lyden av årane var å høyra, og av og til bøn om vatn frå dei såra. Nils blødde framleis frå skadane i foten, og det vart meir og meir klart for alle at han ikkje kom til å overleva. Mennene prøvde så godt dei kunne å stoppa blødningane, men til lita eller ingen nytte. I 5 tida denne natta døydde Nils av skaden han hadde fått i foten, ca tre veker før han ville ha fylt 21 år. Han vart tildekka og lagd ned på tiljene i livbåten. Det var i utgangspunktet meininga å ta han med inn til land og gravleggja han i norsk jord, men faren for å verta tatt var større dersom dei skulle ordna med dette når dei kom inn. Difor vart han den tredje dagen, etter ei kort minnestund, senka i sjøen.

Mennene rodde i fire dagar. Ein av dagane flaug det tyske fly over dei. Då lot dei vera å ro av frykt for at det skulle blenkja i årane. Eit stykke utanfor Ålesund var dei i kontakt med ein fiskebåt for å få nærare rede på kvar dei var. Larsen spurde også om fiskebåten kunne føra dei til Shetland, men det hadde dei ikkje nok diesel til, sa dei. Tyskarane rasjonerte ut diesel slik at dei ikkje skulle koma så langt avgarde. Skipperen på fiskebåten kom med tilbod om å frakta dei til Kristiansund i staden, men Larsen var skeptisk til skipperen og takka nei. Skepsisen viste seg å vera berettiga. Han melde forholdet til tyskarane, og dermed vanskeleggjorde han situasjonen ytterligare for mennene i livbåten.

Då dei endeleg kom til lands, greidde Larsen å få kontakt med pålitelege folk i området, og mennene vart haldne i skjul. Det var stor aktivitet av tyske fly og fartøy langs kysten for å leita etter livbåten og mennene. Livbåten var i svært dårleg forfatning og vart dregen inn i eit naust. I 1954 vart den frakta til Sunnmøre Museum, der den framleis er ein del av utstillinga.

Mennene vart ikkje oppdaga, og etter nokre dagar vart dei plukka opp av ein MTB-båt med lege ombord, som var sendt ut frå Shetland for å henta dei. Mennene var svært medtkne, men alle, bortsett frå Nils, overlevde. To av dei lever framleis (2004), Johannes Kalve frå Austevoll og Finn Clausen frå Oslo.


Dei to andre unggutane som rømde saman med Nils på motorskøyta "Bob" overlevde begge



Ei av platene på minnesmerket i Scalloway. Namnet til Nils står her inngravert øverst.



Norvald Nytveit, Douglas Smith og Bernt Emil Vika framfor monumentet i Scalloway sommaren 2004



Leif Larsen si helsing i boka "Shetlands - Larsen"

krigen. Erik Grutle tenestegjorde i handelsflåten på M/T "Ferncastle", M/T "Beau" og M/S "British Columbia Express". Jens Grutle tenestegjorde i flyvåpenet som bakkemannskap.

For innsatsen sin under krigen vart Nils tildelt krigsmedaljen.

Då boka om "Shetlands-Larsen" kom ut etter krigen, fekk familien til Nils tilsendt eit eksemplar. Her skreiv Leif Larsen eigenhendig ei helsing. Ei meir offisiell takk skal familien ikkje ha fått.

I 2003 vart det sett opp eit monument over dei i Shetlandsgjengen som omkom i teneste.

Monumentet, som er murt opp i stein, er plassert ved verkstaden og slippen til Jack Moore i Scalloway. Dei øverste steinane er henta frå kommunar i Norge som var involverte i Nordsjøtrafikken. Bømlo sin stein er ein fin grønstein. På toppen av monumentet står ein modell av «Andholmen». På monumentet er det fire plater med namn på dei omkomne. Frå Søre Bømlo er, i tillegg til Nils, også navnet til John Lodden inngravert. Han omkom den 11. desember 1942 då M/K «Aksel» gjekk ned i dårleg ver nord-aust av Shetland.

I Scalloway er det også eit lite museum som har ei utstilling om Nordsjøtrafikken under krigen. Her heng det m.a. eit bilete av Nils.

Nils var ein ung mann då han døydde. Som så mange andre nordmenn under krigen valde han å delta aktivt i motstandskampen mot okkupasjonsmakta. Dette kosta han livet. Ei stor takk til Nils og alle andre som ofra livet sitt for vår fridom.

Oluf Monsen

Av

Stine Beate Olson

Oluf Monsen vart fødd i Bergen i 1875. Om livet hans før han kom til Bømlo veit vi ikkje mykje, anna enn at han dreiv ein tobakksbutikk i Bergen ei stund saman med broren. Han hadde ei dotter, Agnes, fødd utanfor ekteskap i 1903. Ho var busett i USA. Broren Anton, og ei syster, Margit, i Oslo. I 1942 er ei tante ved namn Marie Smit nemnt. Han var sjømann, og sigla på langfart i ungdomen. Då han flutte til Bømlo, var han på fiske. Han var gift med Ingeborg Cecilie (Cilla) Bertelsdotter, Voll, fødd 1869.

Han kjøpte Sollia frå Knut Albrigtsen, betre kjend som Øyeren, i 1911. Her bygde han bryggje og sjøhus med våning oppe. Huset hans er i dag rive. Han hadde uthus til høns, og planta ein stor bærhage. I juli 1946 hausta han over 100 kilo bær og selde, det meste til Espevær. Han hadde 2-3 geiter, og bier.


I 1924 kjøpte han skøyta "Zippora" frå Bie, Espevær. Han kalla ho "Oden". Den vart seld att i 1927. I perioden 1941 til 1956 selde han fleire husgrunnar. 31. august 1946 skriv han at han har seld ei tomt til Nils Olson, og i 1941 selde han ein parsell, "Kringstjå", til Bømlo Sparebank.

Oluf var ein flittig brevskrivar og skribent, og førte dagbok. Kvar dag skreiv han korleis veret var, og om sine daglege gjeremål. Me kan sjå ut frå det han skriv at han nesten kvar dag farta rundt i bygda på ulike ærend. Han heldt og oversikt over sin korrespondanse med offentlege kontor og familie, og rekneskap. I 1945 er til dømes alderstrygda for eitt år kr 592. Han skreiv og stykkje som han sendte inn til ulike magasin og blad.

Det daglege liv

Søndag 11. November 1945:

"Stile klart kolt vaagen issnerket. Vert en tur til Vold. Ellers alm. Fint veir."



Teikning av Oluf Monsen

Slik stikkordsform er dei fleste dagboknotata skrivne i.

Fredag 10. mai 1946:

"Norlig kuling kolt. Vert paa Eide melk vert paa Kallevaag hos Mariane eter 1 1/2 kilo løk kr 3.00. Vert i Neset hos Herman hugd sønder den gamle baaten. Alm arb".

Slik farta han rundt kvar dag, bytta til seg og kjøpte matvarer, og hjelpte andre eller fekk hjelp til ulike gjeremål.

Torsdag 15. august 1940 har han "... vert hos Ole blikenslager paa Kallevaag."

Laurdag 14. desember 1946 skriv han: "...vert i Kallevaagsneset hos Guriane: med diverse saker til julebakning..."

Han hadde sin faste frisør: Søndag 26. mai

1946 ”.....Nils Olson klipet mig.....”

Han noterte og kvar einaste dag korleis veret var: ”Søndag 29. september 1946: ”*Straalende fint veir; Indian summer*”.

Hadde han større ærend å gjere, reiste han til Haugesund.

Torsdag 13. juni 1946:

”*SV (sørvest) reiste til Haugesund. Kom igjen i kveld. Polombert en tann kr 60.00.....*”

Tydelegvis var tannlegebesøk dyrt i dei dagar som i dag, 60 kroner var mykje i 1946.

Torsdag 5. september 1946: ”... *Ingeborg og jeg Besøkte Øienlæge Valdersund. Ingeborg lider av graa stær. Hun skal komme igen om it aar for operasjon. Besøkte Optikusen som skulle vøle brillene for henner...*”

Dei reiste hyppig til diverse lækjarar og spesialistar i Haugesund og Bergen begge to. Små morsame episodar frå dagleglivet dukkar og opp i boka, som t.d. torsdag 15. februar 1940: ”... *skut en kat, Olsens.*”

Torsdag 18. september 1947 kan vi lese: ”*Vert paa Eide melk. Guten til Olsen slo ned tre liter*”. Janice Olson Bogetveit fortel at denne guten var bror hennar, Nils, som då var nesten 3 år. Nils sjølv kan ikkje hugsa denne episoden, men har blitt fortalt at Monsen kom frå Eide med mjølk, og sette mjølka frå seg i svingen i Kåså medan han var på butikken. Så kom Nils med trillebåra si og skulle hjelpa til, og det gjekk som det måtte gå. Nils hugsar og at han pla gå med engelske aviser til Monsen.

Han hadde tydelegvis geiter i Ådno.

Torsdag 8. februar 1940:

”*Johanes Lønning og gutene var med i Oden og søkte eter gjeiter uten resultat.*”

Laurdag 17. august 1940: ”*Tilefon fra Johanes Lønning om at han var gaat i Oden for at fange gjeitene. Gikk til Kallevaag og fikk 3 gutene med Johanes. De kom tilbake med gamlegjeiten. Jeg betalte dem kr 6. Jeg fik it kje som Johanes flaade. Det veiet 8,4 kg.*”

Trygve Lønning kan hugsa at faren og Monsen snakka mykje saman, og at han sjølv var der og selde julehefter.

Oluf Monsen var nok ingen god mann å komme

på kant med. Fredag 1. mars skriv han eit av dei lengste notata me finn i dagbøkene: ”*Nat til i dag var der utøvet hververk paa leet og gjerdet i lien. Vor vidt der er øvet vold mot bikubene kan jeg ennu ikke si. Fiskerioppsynet og orførerer var og saa paa det. Motivet for handlingen antar jeg var at jeg nektet it fiskefartøi at fortøie ved bryggen da de uten tillatelse vilde tvinge sig til plas, og var uforskamet baade mot min kone og mig.*”

Han melde andre til lensmannen både titt og ofte, og vart sjølv meld ein gong på grunn av ein eigedomsstrid med Knut Øyero.

Han skriv nesten dagleg om biene og arbeidet med dei, men også desse er han iblant irritert på: ”*Flybretet fullt av bier som ikke vilde gaa inn. Jeg forlot dem kl. 11.15. Vanskelige insekter.*” Dette skriv han 13. juli 1941.

Monsen og Krigen

I alle dei åra krigen varte i Noreg skriv Oluf dagbok, men det er sær sjeldan har nemner noko om den. Ut frå det kan me tru anten at Langevåg var ein fredeleg plass å bu på, eller rett og slett at krigen ikkje hadde noko å seie for Oluf og hans gjeremål. Men nokre viktige hendingar har han tatt med, det første allereie 21. februar 1940: ”*Melder paa radio at Ruserne bombet 1 svensk landsby i fly.*” Den 9. april har han jo sjølv sagt skrive om invasjonen av Noreg: ”*Tysken gjorde kup og overfalt landet vort i dag. 2 fly it tysk og it engelsk havde duell herover. Det tyske saa ut til at faat skade da det for dalende i norvestlig retning.*” Den 15. april skriv han: ”*Engelskmanen har sat tropper i land ifølge radio*”, og 17. april at ”*Sola flyveplas bombander fra sjøen av englender.*” Nokre dagar etter har han ”*vert en tur paa Hovland, diskutert krigen*”. I juni er 3 nazistar innom, og i august har Enok Eide kjøpt blendingsgardiner til han som han spikrar opp.

Et heilt år går utan at han nemner krigen med eitt ord. Men den 22. juni 1941 kan me lese: ”*Tyskland overfalt Russland i morges kl. 4 uten varsel.*” Den 1. september 1941: ”*Rykter om at Sverige har erklært Tyskland krig i dag.*” I oktober same år kjem ”*ca par hundred*” tyskerar og blir over natta, og i februar året etter har

han meldt om *"uvanlig stor flyvirksomhed før middag."*

Den 10. juli 1942 har Oluf beskrive ein dramatisk episode: *"Tyskerne hadde skiveskytning i 4tiden, der falt baade eksploderende granater paa Vespestad og Kallevaag, ogsaa nogen der ikke eksploderede."* Ein gong seinare har han nemnd ein tysk båt som var innom, og ein gong at tyskarane var på husundersøking. Ellers går resten av krigen sin gong utan at Oluf Monsen ser seg syn med å nemne noko av det.

Helse og helbred

Oluf var dei siste åra ingen frisk mann, og var plaga med både det eine og det andre. Tysdag 22. september 1942 skriv han : *"...Dr. Sørensen var her i eftermiddag og skar hul paa en svul paa venstre side af ryggen."* To dagar seinare kan me lesa at *"...søster Lydia vølt saaret i dag."* Dette må vere helsesøster Lydia Svalland frå Andal. Det heng forresten eit flott bilete av ho i uniform på Bømlo omsorgstun. Berre nokre månader seinare brekker Ingeborg armen, og dei må ha distriktslegen heim for å spjelke. I juni 1948 vart kona Ingeborg operert, og vart på sjukehuset til september same året. Oluf er heller ikkje heilt frisk, og får hjelp av naboar og vener til både golvvask og bærhausting. Oluf kjem seg utover hausten, og arbeidar meir sjølv. Måndag 15. desember 1948: *"Blev syk. Distriktlægen beordret mig inlagt paa Haugesunds sykehus. Johan Pedersen førte mig til Haugesund med M.K.Ravn."* Han kom ikkje heim frå sjukehuset før den 10. januar, og var sjuk heile januar og februar. Den 10. februar var han igjen på sjukehus: *"...fik nyt kateter insat. Var for tidligt at gjøre noget med mig"*. Så verkar det som om helsa er bra ei stund hos begge. Fredag 8. desember 1950 var dei i skulehuset og tok skjermbilde for tuberkulinprøve.

Familien

Oluf brevveksla med mange, blant anna broren Anton i Oslo, og dottera Agnis i New York. I desember 1940 var det nok på grunn av krigen vanskeleg å få tak i både det eine og det andre. Like oppunder jul fekk dei ein pakke frå Anton og Margit *"til Ingeborg. En gensy og it silkeunderskjørt."* Torsdag 19. august 1946 står

det i dagboka: *"...Sent it fotografi av os til Agnis, New York...."* Det kan ikkje ha vore berre enkelt å ha den einaste dottera så langt vekk, samstundes som det og fylgde godar med det å ha slektningar i Amerika: Fredag 11. juli 1947: *"...fik en kofert med diverse brukt tøj fra Agnis Olson New York..."* Agnes kom heim på besøk i juli 1949, Oluf var i Bergen og henta ho då ho kom med båten "Stavangerfjord". Ho var heime heilt til oktober same året, og Oluf ordna blant anna med testamente medan ho var heime. Kanskje ho kom heim i høve Ingeborg sin 80-årsdag, som var den niande juli. Denne dagen skriv Oluf i dagboka: *"Ingeborg 80 aar i dag. Der var mangen møt fram for at gratulere og tilegrammer."* Kvelden etter skriv han: *"selskape ligt samvert i kveld."* Ut frå det som står i dagboka var dette truleg siste gongen Agnes var heime i Noreg.

Ingeborg var frå Vold, og Oluf skriv stadig om svogeren Rasmus, og i 1940 er kona til Rasmus, Matilde, nemnt: *"Kjyr hadde stadlet i aakeren min. Matilde brukte kjæft."* Og litt seinare på hausten: *"...vert paa Vold. Matilde opførte sig pøbelaktig dog jeg vilde hjelpe hende at skrive."*

Den 20. september 1942 var dei på Vold i konfirmasjon, og 24. september 1950 skriv han: *"Vert paa Vold i konfirmasjonsselskap. I ga da kr 5"*. Truleg var dei i konfirmasjon hos nokon frå slekta til Ingeborg. 1. november 1950 høyrer me om Matilde att: *"Distriktlægen var her og undersøkte Ingeborg. Vert paa Vold og fik lit ull hos Matilde. Ingeborg skal ha den til belæg paa hoften."* Dei fekk mykje hjelp frå familien på Vold både til kvardags og når det var noko ekstra som sto på.

Dei siste åra

Så vart Ingeborg sjuk att: Tysdag 13. februar 1951: *"Ingeborg blev syk i eftermiddag. J. Hovland (truleg Jørgen) var her og tok temperaturen ingen feber."* Torsdag 15. februar: *"Distriktlægen var her i kveld hos Ingeborg antageligt influenza"*. Ingeborg vart stadig verre, og 22. februar skriv han: *"Vert paa Eide. Konen kokte vetemelsgrøt til Ingeborg. Ingeborg i Neset var her i eftermiddag og jalp os, hun stekte kjødtkaker og rengte efter dr. Gjerdsen. Han kom i 9-tiden. Ingeborg meget syk hjerte er svakt"*.

Torsdag 8. mars 1951: ” *Distriktlægen var hos Ingeborg hun er i bedring.* ” Etter dette går det gradvis bedre med ho, og i slutten av mars får ho sitje litt oppe.

Etter dette kan me lese om dei daglege gjeremål eit par månader kor alt verkar normalt. Torsdag 10. mai 1951 skriv Oluf. ” *Tok it snapsjot av Lien fra Tvedt sin brygge. Heiste flaget i den anledning.* ” Dette er ein av dei siste nedteikningane før Oluf vert innlagt på sjukehus i juni. Etter det skriv han berre sporadisk i boka, truleg av di helsa ikkje er så god. I desember same året kan me lese at fleire er på besøk hos han med ” *julesnader* ”, og hjelper han med krykkene. I januar 1952 er han på sjukehus og ” *vøler* ” foten. Me veit at han i alderdommen amputerte den eine foten nedanfor kneet, kanskje var det denne vinteren? I april er han i alle fall 1 månad og 12 dagar på Haugesund sjukehus, og fredag den 6. juni skriv han i dagboka: ” *Kom ut fra Vestlanske vanføreheim igaar efter 12 dagers ophold.* ” Lett å ha med å gjere når han var sjuk var han nok heller ikkje. Den 28. oktober 1952 skriv han: ” *Dr. Klive var her ikveld forlot mig i sine uten at undersøke mig.* ”

Det siste notatet me finn i dagboka er frå 1954 : ” *Telegram fra Margit Oslo at Anton er dø i dag.* ” Etter dette er det kun blanke sider. Oluf er ufør og sjuk, og me veit at Ingeborg døydde i 1958. Mange i bygda kan nok hugsa Oluf, og har sikkert sine eigne små episodar og minner å leggja til det ein kan lese her. For dei av oss som ikkje kjende han, kan me kanskje teikna oss eit bilete av han utifrå dette. Oluf døydde i 1960.

Som ein liten kuriositet til slutt, eit kjerringråd Oluf har skrive av frå Alle kvinners blad i 1941: ” *Midel mot smaamark. 1 neve hakket løk kokes i 1 liter vann i ½ time. Siles og brukes til klyster. I første uke 1 klyster hver dag, siden annenhver dag i 10 dager. Spis mest mulig vegetarisk kost i denne tid og gjerne raa løk ved siden av.* ” Trur kanskje ikkje dette er noko å anbefala.....

Erindringer fra mine seilskutedager

Skrive av Oluf Monsen til bladet Skib O'hoi ca. 1934.

”Jura” av Liverpool var fullrigget stålskip, førte storskøseil, øvre og under leseil og var kjent som en rekordseiler. Der fortaltes i følge journalen at der var logget oppi 18 mil. Den førtes av kaptein Russel fra Liverpool som hadde vært fører om bord de siste 19 år. Den hadde 26 manns besetning. Derombnord mønstret jeg i juli 1895 i Calcutta.

”Jura” var hva vi kalte for kuliskip av den grunn at den førte kuliemigranter hvert år fra Calcutta til Vestindien, Diamarara, Britisk Guiana. De skip der førte kuliemigranter var spesielt innredet dertil. Måtte mønstre dobbel besetning av matroser i Calcutta, læge, farmasøit og en formann der hadde oppsyn og annet arbeid med emigrantene. De to sistnevnte var indere. Dagen før vi var ferdige, var alle mann oppstilt akter på dekk, hvoretter en ad gangen ble kalt inn til lægen for at undersøkes. Der ble fem mann kassert og disse erstattet med andre, og mannskapet var komplettert.

Vi ble buksert ned til Garden Rikx, hvor emigrasjonsstasjonen var. Der fikk vi om bord 600 kulier av begge kjønn og i alle aldre. De hadde hyrt seg kontraktmessig til arbeid på sukkerplantasjene i Vestindia. Da vi hadde fått alle om bord, fortsatte taugbåten med oss ned floden, og neste dag var vi under seil og hadde kvitert losen.

Skib O'hois lesere vil måske undres over hvorledes så mange mennesker kunne bli plassert om bord i et seilfartøi. Som før nevnt var disse fartøi der førte emigranter spesielt innredet dertil. Jeg skal fortelle litt herom. I underrummet var fartøiet lastet med ris, mellomdekket var helt innredet for passasjerene, rundt skibssidene på begge sider var der køier. Der var runde lysventiler med visse mellomrom for belysning og i fint vær ble de åpnet av en av styrmennene for utlufting. Ellers var de skrudde på med mutrer

for at ikke kuliene kunne åpne dem. En brisk var oppslått på begge sider for til akter for at ligge på uten noen inndeling av køier. Etter nummer hadde en del av dem sin plass på brisken, andre på dekk under den.

Hver kuli fikk utlevert to tepper, ingen madrass, skaffetøi av blick, kopp, tallerken, ingen gaffel eller kniv. Hver kuli hadde sitt nummer, et blickmerke i bond hengende om halsen alltid synlig.

Mellomdekket var inndelt i 3 avdelinger med hver sin oppgang til dekk. Hver avdeling var sperret med stålnett som var strakt tvers over fra den ene til den andre side uten noen gjennomgang.

Akter hadde familiefolk sin plass. De unge og ugifte piger midtskips, menn forut. Samme plass inntok de alminnelig når de var på dekk. Over hver oppgang var der bygget en kappe så de kunne komme opp og ned bekvemt og forhindre regn og sjøskvett at komme ned i mellomdekket. Akter på dekk var sykelogar med 25 køier. Tredje styrmanns lugar var innredet til apotek. På hver side av dekk for og akter 2 nødtorfthuse.

Mannskapslugarene var forut under bakken, en på hver side. Kuliene hadde sin kabyss og egne kokker. Deres hovednæring, ris og karry, preservert kjøtt o.a., ble kokt med damp. Kondenseren skaffet 3 -4 hundre gallon vann hver dag. Formannen pikket ut etter nummer så mange hver dag til de forskjellige tjenester i bysse, renhold av mellomdekk osv. Mellomdekket ble skuret hver dag med tørr stein og etterpå avsopt, intet vann ble brukt. Tredjestyrmann var proviantforvalter og stod for utdelingen av proviant til kulibyssen som ble oppladt hver morgen, og var ellers lægen behjelpelig.

Kl 10 formiddag var det mat, kuliene stilte opp i geledd hver med sin tallerken og vannkopp. Kokkene delte ut hver sin rasjon, det samme gjentok seg ettermiddag kl 5. Da hver som nevnt var nummerert, var det lett for formannen at holde rede på.

Der var øvet streng disiplin. Ingen kulimann eller kvinne hadde lov at komme i lugarene våre eller omvendt. Der var satt vakt, hver natt hadde vi kulivakt. Men ingen regel uten unnlattelse sier ordsproget, der var jo en og annen som forsøkte at bestikke vaktene, men

så var der den aber ved det at kuliene kunne ikke engelsk. Men disse skjelmene benyttet seg av kjærlighedssproget, og det er som kjent internasjonalt, dette vet jo iallfall dere eldre som har fartet rundt en del. Den gangen hadde vi ikke damesalongen at diskutere og kritisere om vi hadde kjærester eller venninder i hver havn, det var liksom mer fritt da.

Vi gikk i fint vær og god vinde de første ukene etter at vi forlot Calcutta. Kuliene trivdes godt, de ble blanke og fete, så det var en glede for doktoren som hadde et pound for hver levende overført til Dimarara.

Om dagen var hele dekket opptatt både for og akter når været tillot det så det var vanskelig å komme til når vi skulle brase eller skvere, for vi var som regel utsatt for at trakke på en eller annen, og en del var for lat at move før en ble trødd på.

Når det var kuling og noget av betydning skulle utføres som seilbjergning eller reving, ble kuliene sendt under dekk. Det var heller ikke tillatt at arbeide til vers når kuliene var på dekk, kun det allernødvendigste, og da med påbud om at være forsiktig i tilfelle noe skulle falle ned fra riggen. Da var det sannsynlig at treffe en av de nakne kroppene som satt eller lå under.

Om kvelden når været var fint, satt de i klynger og slo på trommer, tom, tom, og ringte med bjeller og sang. Noget musikalsk for våre ører var det ikke, men de moret seg tilsynelatende storartet. Doktoren arrangerte av og til brytekamp med premieutdeling.

Etter at vi hadde vært i sjøen ca. 6 uker, ble en del av kuliene syk. Doktoren og farmasøiten hadde en hel del arbeid med de syke. Alle plasser i sykelogarene på dekk var opptatt, i mellomdekket ble opprettet provisorisk sykelogar. Enkelte av mannskapet fikk kusma og illebefinnender, men det gikk snart over. Derimot døde 44 kulier. På reisen fødtes 3 guttebarn og to piger.

Vi begynte at nærme oss Kap Gode Håp. Det ble kaldere vær, en storm fikk vi også. Vi måtte skalke lukene så kuliene ikke kunne komme opp på dekk når stormen stod på, de ble svært redde, trodde visst det var ute med dem.

For at beskytte dem mot kulden var der medtatt flere baller med klær av en simpel sort vadmél. Hver mann og kvinne fikk sin kledning,

for menn en trøie og bukse samt lue, kvinner en bluse og skjørt. Klær hadde ingen av disse mennesker hatt før, når unntages deres nasjonale lerret. De gikk rundt på dekket, betraktet og komplimenterte hverandre for deres gode utseende i den nye habitt. Vi hadde vår moro av dem, skipperen pleide at si: ”Dere ligner skjære snobber”. Da vi var kommet rundt Kap og opp i varmere vær, fikk vi alle beskjed fra doktoren at kaste hele munduren over bord.

Vi anløp St. Helena for frisk proviant og vann. Vi hadde regnet med en tur i land for at betrakte gamle tomter hvor Napoleon hadde holdt til, men det ble det ikke noe av. Kun doktoren og skipperen var i land. Vi kom inn til ankerplass om formiddagen, og om kvelden var vi under seil igjen.

”Jura” var hva vi kalte den gang for et godt skib at være med. Etter engelsk vis levde vi godt, for ikke at glemme fikk vi brennevin hver kveld. Ved 8 glass kom stueren med en mugge og gav hver mann som ville ha en stor snaps rum. Jeg kom at tenke på en visestubb i forbindelse herved oversatt: ”Om det blåser storm eller kuling har intet at si, gi matrosene grog da går ingenting rangt.” Da skipperen og stueren hadde talt om hva godt de skulle lage til jul av spiselige saker, siger stueren: ”De kan få hva de vil, får de ikke nok brennevin, setter de ingen pris på hva de ellers får”.

Vi var nu på vei for vårt neste stoppested, Dimarara. Fint vær, god vind. Sunnhetstilstanden blant kuliene var god igjen. Resten av reisen forløp uten noget nevneverdig, og etter 102 dagers reise, ankret vi i Dimarara.

Kuliene ble satt i land på emigrasjonsstasjonen, og vi gikk straks i gang med at desinfisere og tjære mellomdekket, og rive ned det som var oppbygget av forskjellig for kuliene. Rislasten ble losset og vi fikk 3 ukers opphold da vi skulle laste sukker for New York.

Jeg har lest litt om slaveskipene som førte neger-slaver til De Forenede Stater før frihetskrigen. Det er opprørende sener en får vite om. Den brutale behandling disse mennesker var utsatt for på reisen førte til at hundreder av dem døde. I stedet for at fore dem godt og behandle dem venligt, ble de utsatt for all slags brutal overlast. En dårlig økonomi, når en regner med det store tap som kunne vært unngått. Den tids

mannskaper var rå og brutale, det var liksom det hørte til sjølivet, deres natur og oppdragelse forbød dem at være annerledes uansett konsekvensen. Kuliene hadde om bord utmerket behandling. Doktoren hadde som før nevnt stor interesse at få mest mulig levende til Vestindien. Men kuliene var jo ingen slaver, skal vi si i en finere skala. De hadde kontrakt på at arbeide for 1 shilling 3 pence dagen på sukkerplantasjen. Det var høyere lønn enn hva de var vant til i sitt eget land, men vestindianegrene ville ha 4-5 shilling dagen. Det var negrene disse menneskene skulle erstatte. Sproget i landet de var kommet til kunne ingen av dem. Deres kontrakt var lydende på 5 år. For at få fri til at reise tilbake til India måtte de fornye kontrakten på ytterligere 5 år. Det ble noget a la Rakel og Leas.

Emigrasjonen med seilskip til plantasjene er slutt for lenge siden, den svarte ikke til hensikten i lengden. Jeg har hørt at mange av dem som hadde uttjent sin første 5 års kontrakt ble gående ledig uten eksistensmidler. De brøt av livet på plantasjen, og regjeringen måtte sende dem tilbake hvor de kom fra.

Etter ca. 4 ukers opphold, var vi lastet med sukker for New York. Skipperen var i dårlig humør over denne turen. Han hadde seilt i denne trade i mange år, alltid fra Liverpool – Calcutta – Dimarara og hjem lastet med sukker og rum. Det var i desember vi nærmet oss Statene. Luften var en helt annen enn den vi var vant til i siste år. Vi fikk n.v. snestorm og kaldt. Skipperen ble syk og døde et par dager før vi fikk los. Vi pleide å si at han døde av ergrelse over at rederen sendte ham til Statene. 1. styrmann som inntog hans plass var svært fordikket og ville nødig nærme seg land, men til slutt fikk vi losen om bord. Vi lå da for små seil. ”Løs hver klut og sett dem til”, ropte han så snart han kom over rekken.

Et annet merkelig tilfelle hendte en finlender som hadde vært oppe og løst store bramseil. Han falt død om da han kom ned på dekk, rammet av slag. Vi hadde 2 lik om bord.

Da vi kom opp til karantenestasjonen ved Staten Island, byttet vi los. Der kommer landhaiene om bord. De er meget farligere enn havhaiene og vanskeligere at holde seg klar. De skulle kapre besetningen for sine bordingmastre, for senere at mønstre dem ut på langfart med 2-3 måneders advance, som for det meste havner i

lommene på skippingmasteren, bordingmasteren og rønneren. De 2 førstnevnte var mektige menn. Kun et lite eksempel på deres makt: Det hendte seg at en skipper hadde pådratt seg deres vrede ved at unnlåte at ta mannskap fra dem og unngå at betale de såkalte blodpenger. For at hevne seg, kjøpte de fartøiet av rederen og fikk skipperen i land. Den yngre farende stand kjenner ikke til dette. De tror gjerne det er skrøne, men det er allikevel sant.

Vi hadde taugbåt for baugen som tok oss opp til ankerplass. ”Jura” var hørigget, derfor fikk vi ekstra jobb med at rigge ned fore og store bramstang og rær for at vi kunne passere under

Brooklyn broen. Det var bitende kaldt på klørne da vi holdt på at rigge ned. Da det var utført ble vi buksert opp til sukkerfabrikken og fortøiet der. Da alt var ferdig og oppklart, kommer 1. styrmann forut. ”Far vel da boys. På konsulatet i morgen kl ½ 12 får dere avmønstringen”. Vi pakket sakene alle mann. En del fulgte med rønnerne, andre gikk som man siger på egen huk. Farvel, så er reisen slutt.

Signatur ”Boatswain”

Ærbødigst


Oluf M. Monssen, Bømlo Post

Før og no



Bygda er i stadig utvikling. Dette bildet vart tatt ca. 1930. Skulen, seinare grandahuset, vart reist i 1923 og riven i 2001 for å gi plass til det nye bygdatunet. Krambua til Tveit'n vart riven i år 2000. Her vart det bygt blomsterbutikk og leiligheter. Bømlo Sparebank kom til i 1979. Den flytta frå huset som står overfor kafeen i Eidesdalen. Bedehuset i Olsabrekka vart bygt i 1911, men vart i 1953 flytta dit det står i dag.

På bildet frå i dag er det nok Langevåg Bygdatun som utgjør den største endringa. Dette bygget vart påbegynt i 2003, og opninga skjer 21. januar 2005. Bygget består av ein næringsdel og ein kulturdel, med m.a. full idrettshall, kultursal, skytebane, butikk, kafé, ungdomsklubb og mange kontor. I bakgrunnen på bildet kan ein sjå dei to leilighetshusa som vart bygde i 2001.





*Husmorlaget under eit arrangement på skulehuset på Vika ein gong på 1950-talet. Bakerst frå venstre: Lilly Vika, Tilla Eidesvik, Gudrun Vorland, Gina Vika, Eli Tvedt Hovland, Ingeborg Vestvik, Bertha Vold, Klara Lønning, Olga Bore, Bertha Lønning, Dagny Steinsund, Agate Sørbottn, Gunnhild Breien, Severine Lønning, Sigrunn Lønning, Matilde Vold, Ingeborg Øye Lodden.
Framme frå venstre: Margit Vespestad, Bergit Vold, Marie Vespestad og Betty Olson*

Sokkamyro i fortid, nåtid og framtid

Ved forsker David N. Simpson, Bergen Museum

Fortid

Så tidlig som 1897 tok Johan Larsen Vespestad en del "stensager" han hadde funnet på sin gård ved Langevåg til Bergen Museum. Fram til 1901 samlet han inn flere funn fra Sokkamyro som han leverte til museet. Disse besto av grovt tilhugde økseemner, tilhuggingsavfall, blokker og noen få ferdig slipte økser, alt av grønnstein, samt flere knakkestein og et fragment av en slipeplate. Håkon Shetelig på Bergen Museum mente at det her var snakk om "et utpreget „verkstedsfunn" fra steinalderen" (Håkon Shetelig 1901). Funnene vekket så mye interesse at Shetelig besøkte funnstedet i 1901, hans første feltreise som nyansatt konservator på Bergen Museum, og han kunne da bekrefte at deler av funnstedet lå urørt. I juni samme år foretok han en mindre utgravning på stedet, en undersøkelse som tydeligvis gjorde et dypt inntrykk, i og med at han fortsatte med

ytterlige utgravninger i Sokkamyro i 1902, 1905, 1917-19, 1922 og 1939. Men det var ikke bare arkeologi som dro han tilbake gang på gang. Fra det han og andre skrev vet vi at selve stedet, og de som bodde der, sto hans hjerte nær.

Boplassen Sokkamyro, som et resultat av Sheteligs utgravninger, er dermed blant de første faglig undersøkte steinalderlokaliteter i Norge. Den hjalp arkeologene på denne tiden å kartlegge de grove trekkene i norsk forhistorie, og den har ofte stått sentralt i våre tanker siden. På tross av at arkeologer har utviklet nye metoder siden Sheteligs tid, var hans utgravninger utført på en så sakkyndig måte at funnene han gjorde i 1901 og 1902 sist ble brukt av Knut Andreas Bergsvik som en del av hans doktorgradsavhandling.

Men Sheteligs utgravninger i Sokkamyro står ikke alene. De har vært fulgt av arkeologiske undersøkelser av varierende omfang utført i og

ved Sokkamyro av Sigmund Alsaker i 1979, Kjell Arne Valvik i 2001, Asle Bruen Olsen og Kjell Arne Valvik i 2003 og senest av undertegnede i 2003. Vitenskapelig interesse i Sokkamyro er heller ikke begrenset til arkeologi. Shetelig var selv opptatt av implikasjonene hans arbeid på Sokkamyro hadde for en forståelse av forhistoriske strandforskyvninger, et tema som ble forsket på av botanikerne Knut Fægri og Peter Emil Kaland med utgangspunkt i Sokkamyro og flere andre steder på Søre-

Tidsalder	Periode	C14 alder BP*	kalender alder
Eldre steinalder	Tidligmesolittikum (TM)	10000 - 9000 BP	9200 - 8050 f.Kr
	Mellommolittikum (MM)	9000 - 7500 BP	8050 - 6400 f.Kr
	Senmesolittikum (SM)	7500 - 5200 BP	6400 - 4000 f.Kr
Yngre steinalder	Tidligneolittikum (TN)	5200 - 4600 BP	4000 - 3300 f.Kr
	Mellomneolittikum A (MNA)	4600 - 4100 BP	3300 - 2800 f.Kr
	Mellomneolittikum B (MNB)	4100 - 3800 BP	2800 - 2400 f.Kr
	Senneolittikum (SN)	3800 - 3500 BP	2400 - 1800 f.Kr
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 - 2900 BP	1800 - 1000 f.Kr
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 - 2500 BP	1000 - 500 f.Kr
Jernalder	Førromersk jernalder (FRJA)	2500 - 2010 BP	500 - Kr.f.
	Romertid (RT)	2010 - 1680 BP	Kr.f - 400 e.Kr
	Folkevandringstid (FVT)	1680 - 1500 BP	400 - 570 e.Kr
	Merovingertid (MVT)	1500 - 1210 BP	570 - 800 e.Kr
	Vikingtid (VT)	1210 - 1050 BP	800 - 1030 e.Kr
Meddelalder	(MA)	1050 - 320 BP	1030 - 1537 e.Kr
Nyere tid		320 BP -	1537 e.Kr -

*Nøyaktig plassering av flere overganger er under debatt, sammendraget trekker inn data fra flere faglige kilder, samt egne tolkninger.
Merk at såkalte karbon 14 dateringer er vanligvis presentert i form av "C14 år BP", hvor BP er en forkortelse for før nåtid (*before present*). I tillegg, pga en feilkilde i dateringsmetoden er det nødvendig å kalibrere C14 år til kalender år.

Tidstavle.

Bømlo. Botanikerne jobbet dessuten parallelt med å kartlegge endringer i vegetasjon siden istiden. Som et fokus for vitenskaplig arbeid i mer enn 100 år har Sökkamyro bidratt mye til vår forståelse av fortiden, både i forhold til hvordan forhistoriske mennesker levde, og med tiden endret sitt levesett, samt hvordan naturen har forandret seg.

Shetelig gravde langs kanten av den øverste delen av Sökkamyro. Her fant han steinartefakter og ildsteder i et svart, fett, trekullrikt "kulturlag" som lå under myrortorven. Under dette igjen fant han det han tolket som strandleire, og på bunnen fjærgrus. Kulturlaget ga mange funn av lik karakter til det som Johan Vespestad hadde levert inn. De bekreftet tolkningen av stedet som et verksted for produksjon av grønnsteinsøkser hvor det også ble utført "vanlig boplassaktivitet". Funnene ble datert til yngre steinalder, og Shetelig mente at sjøen på dette tidspunkt må ha ligget så mye over dagens nivå at Sökkamyro var fylt med vann og boplassen lå på en strand. Men en overraskelse ventet han i 1917 da en gravde seg gjennom "strandleiren" og fant i bunnen av


vært oversvømt av sjøen - dette på et eller annet tidspunkt etter de nederste funnene hadde vært forlatt av menneskene i eldre steinalder, men for den yngre steinaldersbosetningen tilknyttet kulturlaget. Når man også tar i betraktning de steinalderfunnene Shetelig, andre arkeologer og bømblingene gjorde ut i fjæret på sørvest Bømlo, en antydning om at sjøen på et eller annet tidspunkt i steinalderen lå lavere enn i dag, ble en konfrontert med en spennende, men komplisert gåte som opptar arkeologer, botanikere og geologer fortsatt i dag – nemlig; når lå strandkanten hvor, og hvordan kunne en rekonstruere strandforskyvningsforløpet? Dette skal jeg komme tilbake til etter noen korte beskrivelser av de andre arkeologiske undersøkelsene som er utført på Sökkamyro.

I 1979 var Alsaker tilstede på gravning av en kloakkgrøft i den nedre delen av Sökkamyro. I forbindelse med dette gravde han også en kvadratmeter ned i Sökkamyro. Her fant han 3 sand- og grussjikt under torven, alle inneholdt store mengder funn av grønnstein. Under dette var et lag av "marin gytje", et sjøbunnsediment

som tilsvarer det som Shetelig i sine gravninger først trodde var strandleire.


Under dette fant Alsaker enda et sandsjikt, som akkurat hvor han arbeidet var uten forhistoriske funn. Imidlertid, det som kanskje var mest spennende med Alsakers undersøkelse var at i gytjelaget fant han en del av et spaltet hjortehorn, en hodeskalle av skogsmår, samt en rekke bein av torsk. Han mente at "sannsynligheten for at tre så ulike arter skulle bli deponert naturlig på et avgrenset område som dette synes å være liten" (Alsaker

1987). Han konkluderte dermed at beinmaterialet måtte være rester etter forhistoriske menneskelig aktivitet. For de fleste er kanskje ikke slike bein så spennende, men for arkeologer i Norge er dette faktisk noe spesielt. Dette er fordi bevaringsforhold for bein og andre organiske



Strandlinjekurve for Søre-Bømlo (basert på Kaland 1984, s. 234).

den og i den nederste fjærgrusen enda et sjikt med funn. Disse besto også hovedsakelig av grønnstein, men øksene var av en annen, og mye eldre, type. Han hadde da funnet spor fra eldre steinalder. Utover dette mente han at det nederste funnførende gruslaget må en gang i tiden ha



Kart over Sokkamyrø med arkeologiske undersøkelser.

stoffer i boplasser i Norge er generelt så dårlig at det egentlig er relativt sjelden at vi finner noe sånt. Funn av bein (om dette er matavfall eller beinredskaper) og eventuelt gjenstander av tre, bark, osv. kan fortelle oss mye mer om livet i steinalderen enn "bare" de funnene av stein vi vanligvis har å jobbe med.

Hordaland fylkeskommunes registrering i 2001, ledet av Valvik, påviste et lagfølge som lignet det dokumentert av Alsaker i et større areal i nedre delen av Sokkamyrø. Men, her fant en også steinalderfunn i den nederste sandlaget under gytja. Alderen på funnene over og under gytja var parallell til Sheteligs gravningsresultat - funn fra yngre steinalder lå over gytja og funn fra eldre steinalder var under den.

De siste arkeologiske undersøkelser utført ved Sokkamyrø består av en registrering foretatt av Olsen og Valvik, og en utgravning ledet av undertegnede. Begge ble utført i 2003 og tok for seg området like nord for Sokkamyrøs nederste del, der hvor kulturhuset står i dag. Analysen av materialet fra utgravningen er ikke ferdig enda, men noen foreløpige resultater er klare. Det ble

gjort funn av store mengder grønnstein, som igjen viser til en omfattende produksjon av økser. Det ble i tillegg funnet andre boplassfunn som pilesmiss, skraper, kniver osv. Alderen på funnene gjenspeiler de samme to hovedperioder funnet i forbindelse med de andre undersøkelser, nemlig yngre og eldre steinalder. Imidlertid, i dette tilfellet kan vi bli litt mer spesifikt når det gjelder alderen på bosetningen fra yngre steinalder. Flere funn, blant annet en slipt pilesmiss av skifer med dekor, tyder på en datering til mellomneolittikum. Det er godt mulig at stedet også var brukt i tidligneolittikum. Disse funn fra yngre steinalder ble funnet i sand og grussjiktter like under torven. Det vil si, vi fant ingen kulturlag som det Shetelig hadde undersøkt lenger

inne i Sokkamyrø. Dette kan bety at stedet var brukt i en mindre grad til vanlig boplassaktivitet enn der hvor Shetelig gravde. Men, området var utvilsomt brukt som et verksted for å lage økser. Med utgangspunkt i disse funnene håper vi, når bearbeiding av data på Bergen Museum har kommet noe lengre, å kunne si noe mer, og nytt, om detaljer omkring hvordan øksene var laget. Med å bruke nye metoder håper vi også å oppdage flere funntyper (eksempelvis økseemner og avfall fra økseproduksjon) som kan dateres til enkelte spesifikke tidsperioder. Hvis dette lykkes kan vi bruke resultatene til å lettere datere andre boplasser hvor vi finner disse funntyper. Denne utgravningen er i disse sammenhenger viktig etter som ingen har undersøkt et økseverksted fra yngre steinalder på Vestlandet i detalj siden Shetelig - men i og med at han ikke samlet inn all den grønnsteinen han fant, kan ikke hans funnmateriale brukes med de nye analysemetoder som en nå har tenkt å ta i bruk.

Den siste utgravningen er også spennende i og med at funnene fra eldre steinalder som lå i sand og grus dypere nede viste seg å ha vært

oversvømt av sjøen. Det vil si at utgravningen etter hvert kan hjelpe oss å belyse de forhistoriske strandforskyvningene på Søre-Bømlo.

Forskere har lenge arbeidet med å rekonstruere forhistoriske strandforskyvninger. Vi forstår den forskyvningen til å være et resultat av nedtrykking av selve jordskorpen under istiden på grunn av den store vekten av isen oppå land, i kombinasjon med forandringer av selve havnivået som et resultat av de store mengder vann tatt opp i isen. Situasjonen blir komplisert ved at landhevingen, som begynte når isen smeltet, ikke gikk helt i takt med den stigende sjøen som ble fylt opp med smeltevann. Noen ganger gikk landhevingen fortere og mer landområde ble tørrlagt, men noen ganger steg sjøen fortere og lavliggende områder ble oversvømt.

Shetelig og Fægri skulle undersøke dette på Søre-Bømlo ved å se hvor høyt de arkeologiske funnene fra forskjellige perioder lå over dagens havnivå, og ved å analysere sedimenter fra flere "bassenger" (myrer, dammer og vann) som ligger i forskjellige høyder over havet. Analysen av sedimentene i bassengene gikk ut på at en kunne skille mellom lagene som var avsatt av ferskvann og de som var avsatt av saltvann. Fant en et lag av en bestemt alder avsatt av ferskvann, kunne en si at bassenget på dette tidspunktet lå isolert fra sjøen. Et lag av en bestemt alder avsatt av saltvann derimot kan bety at bassenget på dette tidspunktet var oversvømt av sjøen. Ved å se på nivåene av de forskjellige bassengene, samt å ta hensyn til nivåene av de arkeologiske funnene, kunne en lage et diagram over høyden på stranden gjennom tid.

Fægri publiserte et viktig vitenskapelig arbeid i 1944 hvor han presenterte sin rekonstruksjon av Søre-Bømløs strandforskyvningsforløp. Hans arbeid har siden blitt revurdert av Kaland med utgangspunkt i mer data som han hadde samlet inn. I 1984 publiserte han en ny og mer korrekt strandforskyvnings rekonstruksjon for Søre-Bømlo, og den har jeg inkludert her. Men dette er kanskje ikke slutten på historien om strendene på Søre-Bømlo. Det er, for eksempel, vanskelig å forstå de arkeologiske funnene fra yngre steinalder som ble funnet i nedre delen

av Sökkamyro i lys av Kaland's strandlinje rekonstruksjon. Funnene ligger for lavt, ned ved 2,5 til 3,5 meter over dagens havnivå, mens Kaland's arbeid tilsier at på dette tidspunkt var sjøen opp til 5 til 6 meter over dagens nivå. Spørsmålet er hvordan kunne en ha en boplass som lå under vann tilbake i yngre steinalder? Enten må Kaland's rekonstruksjon justeres eller har noe flyttet noen av funnene, som opprinnelig har ligget utenfor myra, ned i selve Sökkemyro. I dette tilfellet tror jeg at begge teorier har noe for seg.

Slike "strandlinjekurver" er ikke like i en hel region. De eldste deler av kurvene (eldre enn ca 7000 år) varierer mye hvis en beveger seg inn mot fastlandet eller ut mot sjøen. Akkurat ved Søre-Bømlo er det forventet at den delen av kurven ved 9000 år før nåtid forflytter seg nesten en halv meter opp eller ned for hver kilometer en beveger seg øst eller vest. Dataen for den delen av kurven kommer fra Aurebettjønn, ca 2 kilometer øst for Sökkamyro, som betyr at når man justerer kurven for å ta høyde for dette, så kommer den ned til ca 4 moh ved 9000 år før nåtid. I tillegg representerer kurven springflo, og man burde ta den ned med kanskje enda en meter for å antyde det normale daglige nivået på denne tiden. Utover dette mener flere forskere at Kaland's rekonstruksjon for denne perioden kanskje burde justeres enda noen meter lenger ned. Forskning på dette er i dag under planlegging ved Universitetet i Bergen og vi venter med spenning på resultatene. Imidlertid, det er klar at kurven må justeres minst omlag 2 meter ned for å gi et korrekt bilde av situasjonen ved selve Sökkamyro. Det vil si at ved 9000 år tilbake skal i det minste noe av bunnen av Sökkamyro ha vært tørrlagt, slik at forhistoriske mennesker kan ha lagt sin spor igjen der. Slike lokaliteter kan ofte være pent overleiret og bevart fordi sjøen senere har steget og oversvømt dem, og personlig mener jeg at det er stor sannsynlig her for at dette faktisk har skjedd ved Sökkamyro.

Imidlertid kan ikke slike små justeringer av Kaland's data forklare funn fra yngre steinalder nede i Sökkamyro. I dette tilfellet mener jeg at det er mer sannsynlig at en eller annen prosess har skylt funnene fra yngre steinalder



Utgravning 2003.

ned fra de omkringliggende fjellknauser og ned til Sökkamyro. Dette er enda ikke påvist vitenskapelig, men jeg tror at dette kan ha vært et resultat av "solfluksjon" (naturlig jordforflytting nedover langs skråninger), ustabilitet i jordmassene langs stredene omkring Sökkamyro når sjøen gikk ut fra den sist, eller kanskje tidlig jordbruk under slutten av steinalderen, i bronsealderen eller jernalderen kan ha forårsaket en god del erosjon og skylt sand, grus og yngre steinalder funn ned i Sökkamyro.

Så langt har jeg skrevet en del om grønnstein, men ikke om hvor den kan ha kommet fra. En kunne egentlig skrive store avhandlinger om grønnstein fra Bømlø, og noen har gjort akkurat det. Men denne gangen må vi nøye oss med relativt få ord. Mange kjenner sikkert til grønnsteinsbruddet på Hespriholmen som ble oppdaget i 1923. Bruddet er stort, imponerende, og har fortsatt i dag en viktig plass i steinalderforskning på Vestlandet. Noen mener at halvparten eller mer, av grønnstein funnet på steinalderboplasser i store deler av Vestlandet kommer herfra. Veldig mye av grønnsteinen som ble funnet i og ved Sökkamyro kommer antagelig fra Hespriholmen. Men vi har også funnet antydninger til at det med stor sannsynlighet ligger flere uoppdagede brudd på Søre-Bømlø, Stord eller Karmøy. I denne regionen går det flere belter med grønnstein, og stedvis, som på

Hespriholmen og Stegahaug ved foten av Siggjø, er grønnstein av høy nok kvalitet til at folk i steinalderen har brukt den til å lage økser av. Det som er interessant er at på flere boplasser, blant annet ved den siste gravningen ved Sökkamyro, har vi funnet økser og avfall av flere typer grønnstein som etter alt å dømme ikke kommer fra Hespriholmen eller Stegahaug. Med andre ord, en kan en dag forvente å finne nye, kanskje store, brudd på Søre-Bømlø, og vi kan deretter jobbe med å utfylle og fordype historien om den gamle "økseindustrien" på Bømlø.

En diskusjon av Sökkamyro og arkeologi er heller ikke komplett uten å gå nærmere inn på den gytjen som jeg har nevnt i flere anledninger. Dette er et meget finkornet, leiraktig, og fuktig sjøbunnsediment. Gytje har i tillegg den spesielle karakteren at den stenger for oksygentilførsel til gjenstander som ble avleiret i den. Når slike gjenstander er av bein eller tre blir nedbrytningsprosessen dermed hemmet. En vil se at slike organiske gjenstander avleiret i gytja blir bevart mange tusen år lengre enn de ellers skulle ha overlevd. Vi har allerede bevis for at dette er tilfellet i Sökkamyro takket være Alsakers utgravning hvor han fant bein og horn. Situasjonen kan faktisk være parallell til det arkeologer fra Bergen Museum og flere museer og universiteter i Litauen fant i forbindelse med et internasjonalt samarbeidsprosjekt på Sventoji i Litauen noen år tilbake. Der gravde vi i gytja i en forhistorisk lagune og fant utrolig velbevart arkeologiske funn av tre, bark og bein. Blant funnene vi og de som hadde gravd der tidligere gjorde kan en nevne: en skulptur i tre, en miniatyr båt, deler av ruser av tre, et kar og en bømme av never (forbausende nok hadde en av disse en hundelabb oppi), en hel krukke av keramikk, harpunspisser og garnhekler av bein, matbeinrester og et sjikt som inneholdt store mengder fiskebein som kan representere

en forhistorisk "naturkatastrofe". Funnene var enten tapt fra båter, kast ut fra land som søppel, eller noe av dette var kanskje skylt ut fra land i forbindelse med flom. Slike situasjoner finner en meget sjelden. Funn som disse gir oss et mer allsidig, helhetlig og nyansert bilde av livet i forhistorisk tid enn det som er mulig når vi bare har steingjenstander å jobbe med. Jeg mener at ikke bare har vi diverse bein bevart nede i Sökkamyro, som bevist av Alsaker, men at det er sannsynlig at mange funn som ligner det vi fant i Sventoji i Litauen er å finne i gytjen i Sökkamyro. Hvis dette er sant, så er dette bortimot en enestående tilfelle i norsk arkeologi. Imidlertid, det som er viktig å være klar over er at forandringer i det lokale miljøet, for eksempel reduksjon i fuktigheten i sedimentene forårsaket av dreneringstiltak eller tildekking av en slik lokalitet, kan ødelegge slike funn i løpet av noen få år selv om de er "beskyttet" av gytje.

Nåtid

Det hender at spor etter forhistorisk folk kommer i konflikt med dagens behov for utvikling og utbygging. Som kjent har dette skjedd i forbindelse med Sökkamyro. Kulturhuset måtte flyttes, og utbyggerne bekostet en arkeologisk utgravning. Dette var utfallet av bestemmelser gjort av det statlige apparatet som har som oppgave å forvalte Loven om kulturminner. Ifølge kulturminneloven er alt som er eldre enn 1537 automatisk fredet. Det vil si at det er ikke lov å gjennomføre tiltak som skader eller skjemma slike fornminner. Det er, imidlertid, mulig å søke om dispensasjon fra kulturminneloven for fornminner som er i konflikt med et utbyggingstiltak. I så fall skal det statlige apparatet vurdere verdiene det omsøkte kulturminne representerer mot behovene dagens samfunn har i forhold til utbygging. I korte trekk, og mye forenklet, består apparatet i dette tilfellet av fylkeskommunen som skal påvise slike konflikter, landstedsmuseet som bidrar med faglige vurderinger og foretar eventuelle utgravninger, og Riksantikvaren som foretar helhetlig vurderinger og til slutt tar bestemmelser i kraft av kulturminneloven. I enkelte tilfeller blir det gitt dispensasjon fra kulturminneloven

for fornminner, eller deler av dem, uten krav om særskilt granskning. Oftere blir fornminner friggitt på betingelse av at det foretas arkeologiske granskninger. Endelig, i noen tilfeller blir et fornminne vernet og utbygging må stanses eller flyttes, og Sökkamyro er et eksempel på dette. Her har Riksantikvaren vurdert verdien av det som ligger igjen i Sökkamyro til å være så omfattende, så sjeldent, og så spesielt, av nasjonal verdi så å si, at planene for kulturhuset i Langevåg måtte justeres for å unngå inngrep i fornminnet.

Framtid

I dag er Sökkamyro fredet. En kan spørre om denne fredningen skal være for evig og alltid. Som et delvis svar kan en lese i Riksantikvarens publikasjon "Alle tiders kulturminner":

Kulturminnevern er ikke objektivt. Det bygger på faglige vurderinger og kunnskap om historien. Oppfatningen av hva som er "viktig historie" - synet på hva som er verneverdig - vil hele tiden endres...

Det vil si at ethvert nytt tiltak som kan ramme Sökkamyro kommer til å bli vurdert for seg, og en dag kan verdien av et slikt tiltak bli sett på som viktigere enn Sökkamyro som kulturminne. Imidlertid, i lys av det vi vet ligger nede i Sökkamyro (for å ikke nevne det som jeg tror også kan ligge skjult der) og Riksantikvarens sterke meninger i denne saken til nå, vil jeg forvente at Sökkamyro kommer til å ligge i fred en god stund framover.

Literatur

- Alsaker, Sigmund
1982 *Bømlo - Steinalderens råstoffsentrum på Sørvestlandet*, upublisert versjon av magistergrad avhandling, Universitetet i Bergen.
1987 *Bømlo - Steinalderens råstoffsentrum på Sørvestlandet*, Arkeologiske avhandlinger

- 4, Historisk Museum, Universitetet i Bergen.
- anon.
2003 *Alle tiders kulturminner*. Riksantikvaren, Direktorat for kulturminneforvaltning. Tilgjengelig også på internet - http://www.riksantikvaren.no/publikasjoner/alle_tiders/index.htm
- Bergsvik, Knut Andreas
2003 *Ethnic boundaries in Neolithic Norway*, dr. art. avhandling, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen
- Fægri, Knut
1944 *Studies on the Pleistocene of Western Norway. III Bømlo*, *Bergen Museums Aarbok 1943*, Naturvitenskapelig rekke, Nr. 8.
- Gjerland, Berit
1990 *Raw Materials Used in the Production of Stone Adzes and Axes in Western Norway*, *Universitetets Oldsaksamlingens Årbok 1989/1990*. s. 71-84. Universitetet i Oslo.
- Juodagalvis, Vyandas, Asle Bruen Olsen, Trond Klungseth Løddøen og David N. Simpson
1999 *The Bergen-Lithuanian Joint Excavation Project i Sventoji, Lithuania. Sventoji 4 - Excavation Summary 1998*. Upublisert rapport, Bergen Museum, Universitetet i Bergen
- Kaland, Peter Emil
1984 *Holocene shore displacement and shorelines in Hordaland, western Norway*, *Boreas*. nr. 13, s. 203-242.
- Olsen, Asle Bruen
2003 *Rapport om arkeologisk registreringer i forbindelse med reguleringsplan for del av Langevåg sentrum, Vespestad gnr. 56, Bømlo k., Hordaland* (Endret plan våren 2003), upublisert rapport, Bergen Museum, De kulturhistoriske samlinger.
- Olsen, Asle Bruen, Trond Klungseth Løddøen, David N. Simpson, Solfrid Hjelmtveit og Ivar Kalvik
1997 *The Bergen-Lithuanian Joint Excavation Project in Sventoji, Lithuania. A Preliminary Report from the Excavation in July 1997*. Upublisert rapport, Bergen Museum, Universitetet i Bergen
- Shetelig, Håkon
1901 *Et bosted fra steinalderen paa Bømmeløen*, *Bergen Museums Aarbok*, No. 5.
- 1920 *En landsøkning under yngre steinalder*, *Naturen*, januar-februar 1920.
- 1922 *Primitive tider i Norge*, John Griegs forlag, Bergen.
- Shetelig, Kari
1964 *Haakon Sheteligs utgravninger på Bømlo 1901-42*, *Viking. Tidskrift for norrøn arkeologi*, bind XXVIII, s. 39-62.
- Simpson, David N.
i prep. *Arkeologisk undersøkelser på Vespestad, 2003* (arbeidstittel).
- Valvik, Kjell Arne
2001 *Forslag til omregulering for Hovland, Vold, Vespestad, R-41 på gnr. 56 i Bømlo kommune*, Rapport nr. 15, Kulturhistoriske registreringer, Kulturseksjonen, Regional utvikling, Hordaland Fylkeskommune.



Tilbakeblikk

Gamalt bilete av Zahlahuset

Bømlo-sang

Tone: Mellom bakkar og berg

Mellom holmer og skjær ut mot havet
ligger øya som vi har fått kjær.
Denne øya har vi fått i gave
av vår Herre som vil stå oss nær.

Vi har skog vi har grønkledde lier
vi har fjell som er pyntet med lyng.
Vi har busker som einer og vier
og vi lytter når småfuglen syng.

Vi har åker og frodige enger
vi har sjø vi har strender med sand.
Vi har arbeid så vi tjener penger
vi får delta og bygge vårt land.

Her på Bømlo er fredfullt å leve
vold og krim er et ukjent begrep.
Vi kan faktisk i lykkerus sveve
vi kan leve vårt liv som en lek.

Vi har folk som har kunnskap og evner
slik at Bømlo vil være i vekst.
Når vi ærlig mot fremtiden stevner
vi med glede kan lese vår tekst.

Her på Bømlo her fantes det gruver
i fra kalk og til Moster Amfi.
Og på Lykling steinhauger ruver
det er minner fra gullfeber tid.

Her på Bømlo her lages motorer
av det beste som verden har sett.
Her på Bømlo fast vi oss klorer
vi vil verne vår øy rett og slett.

Einar Kallevåg

“Lu – Lu”

Melodi: Blåveispiken

Nu er det Sankt-Hans og vi skal brenne
et bål som gleder hver enda en.
Og bålets varme den vil vi kjenne
og opp i bakken står Hilmar Sten.

Han ser mot sjøen og minnes tider
da all ting var bare lyst og lek.
Hvis noe skjemmer vi tror han lider
nu skal det brennes, som kom på rek.

Ja nu står ”Lu-Lu” i fyr og flammer
den gleder barna til siste slutt.
Vi hører knitring vi kjenner varmen
farvel da ”Lu-Lu” et barnas sukk.

Ja kjære ”Lu-Lu” du kom til sjøen
du fikk en strand for å ta farvel.
En slitsom jobb opp på Per’a bøen
den siste glede du gir i kveld.

Snart er du oppbrent snart er du aske
det er kun minner som er igjen.
En tid er over du slipper plaske
i høye skavler og kløver eng.

Ha takk da ”Lu-Lu” du barnekjære
ha takk for gledene som du gav.
Du vil i minnene våre være
nu tar du avskjed rundt ildens grav.

Du er blitt avløst av yngre krefter
din jobb du gjorde med prakt og stil.
Nu er vi samlet og vi bekrefter
din røyk den lagde en flott profil.

Einar Kallevåg



På vitjing hos aktive og ungdomslege Olaug Kalve Størkson på Mækjebakken

Ved Kristine Sætre

Heime i huset sitt på Mækjebakken har Olaug Kalve Størkson mykje å visa fram. Denne oktoberkvelden byrjar ho med å visa rundt i første etasje, kor ho har alle gyllenlerprodukta sine. Der er det flotte stolar, krakkar, presteklede som messehaklar og stolaer til å ha over den kvite prestekjolen, ikon-bilete og andre mindre ting, alt med nydelege mønstrar i gyllenler. Ho fortel at denne kunstarten kjem frå Austen, det er funne gullmotiv på skinn frå før Kristi fødsel der. Her i Noreg har den funnest i eit par tre hundre år, mellom anna i Nidarosdomen i Trondheim.

Rett innanfor døra står eit herregårdssete, ein staseleg benk som ho nett har fått frå leverandørkontakten sin på Møre. No er den klar til å få trekk på sete og rygg, gyllenleret er klart for montering. Ein gong tidlegare har ho fullført ein slik flott benk, den vart saman med to stolar seld til eit galleri i Bergen. Slike herregårdssete har ikkje vore vanlege her i traktene hos oss, det var nokre få rikfolk i dei største byane og på dei verkelege storgardane på Austlandet, som hadde råd til slikt. Ho fortel at det tek ca 300 timar å arbeida ferdig gyllenleret til ein stol, men når me stoppar opp framfor ein staseleg grøn stol, med tett i tett med gullbelagte blad i dekoren, seier ho at den brukte ho mykje lenger tid på. I sommar har ho seld to stolar, men både leret og gullet til stolane er dyrt i innkjøp, så ho har forholdsvis lite att "for timen". Men dette er sams for alt slikt handarbeid, seier ho. Men drivkrafta ligg ikkje i pengane, men i det å halda på med noko som

ho trivst med, og som resulterer i slike ting som andre set pris på.

Både gamle-kyrkja på Moster og nye-kyrkja på Søre Bømlø har gyllenler-stolar som ho har laga, til bruk ved brurevigsle. Men dei stolane ho har dekorert til det formålet og som er flittigast i bruk, står nok i sjømannskyrkja i San Francisco, kor det er rundt 100 vigslar i året! Far til Olaug Kalve Størkson, saman med dei tre yngste brørne hennar, emigrerte til Amerika då ho var ung jente. Dette var etter at mor hennar døydde, og familien opplevde eit forlis kor folk tilknytta garden på Smeholmen i Fitjar omkom. Ho har vore fleire gonger over Atlanteren og vitja slekt der borte.



Olaug Kalve Størkson

Det er ikkje berre kyrkjestolar og herregårdsstolar ho kler med gyllenler, ein "kråtastodl" med dragemotiv på setet står og framme. Til alle dei 4 barna sine og til barnebarna har ho laga stolar. Dei kjøper ho i brukbutikkar. Mannen hennar, Håkon, set dei i stand før dei saman monterer gyllenleret på.

Olaug Kalve Størkson fortel at det var rundt 1980 ho byrja med gyllenler, fekk kontakt med ressurspersonar på området, deltok på kurs og gjekk opp til prøva -og bestod den!, noko som gav henne rett til å driva kurs. Kjekt synest ho det er at eit av barnebarna, som har teke kunst/museumsutdanning, og har greidd prøva i gyllenler-faget.

Vidare innover i rommet heng det ein fin, kvit messehakel som ho viser fram. Den har dottera, som er prest, brukt ved fleire høve. Olaug fortel at ho har laga fleire messehaklar, ho har hatt dei på utstillingar fleire stader, mellom anna i erkebispegården i Trondheim. Både i Bremnes-kyrkja og i Bergensområdet er messehaklane hennar i bruk. Til Bremnes-kyrkja har ho og laga det vesle ”teppet” med motiv som heng på preikestolen, i ulike fargar ettersom det følgjer fargane i kyrkjeåret. På bårerommet på sjukeheimen på Svortland er det òg hennar og mannen, Håkon, sitt handarbeid som pyntar rommet.

Innanfor den kvite messehakelen heng det andre messehaklar i dei ulike liturgiske fargane, grønt, raudt og fiolett. Alle med ulike motiv og mønster på gyllenler-bordene, som er festa på kvalitetsstoff av silke, fløyel eller ull. Stoff som ho spesialbestiller i store parti og får farga i den fargen ho ynskjer. Olaug fortel at ho ser mønstrar og motiv både i bøker og andre stader, som ho så ”komponerer saman.” Om kveldane, etter nyheitene, sit ho i stova saman med ektemannen og har mønsterpreginga av skinnen som handarbeid.

Særleg flott var den fiolette messehakelen, i mønstervevd ullstoff i ein klar, djup fiolett farge med englemotiv på gyllenler-borda. Den hadde vore flott å sett på prestane



Messehakel



Ikon



Stol trekt med gyllenler

våre i Finnås prestegjeld! Me er heldige her i kommunen som har ein innbyggjar med kunnskapar og ferdigheiter i dette sjeldne kunsthandverket. Det er ikkje så mange kommunar som kan skilta med aktive gyllenler-utøvarar her i landet. Olaug fortel at i lauget deira er det ca 130 medlemmer, men av desse er det berre 10-15 aktive.

Det er kyrkjene som eig messehaklane, kan Olaug fortelja, medan prestane sjølve kan kjøpa stolaene - dei enkle ”sjala” som dei brukar over dei kvite kjortlane. Til dotter si laga Olaug ein stola med englemotiv i nakken, eit noko uvanleg motiv å ha der vart det kommentert frå geistleg hald. Men då dei hørde at det var mora, Olaug Kalve Størkson som hadde laga det, fekk ho vita at då skulle det vera slik. Ho sa vidare at tidlegare biskop i Bjørgvin, biskop Lønning, synte interesse for kyrkjekunsten på ein annan måte enn det som ser ut til å verta vektlagt i presteutdanninga i dag.

Innarst i rommet står det ei utstillingsdukke som har på seg ein messehakel i ein uvanleg farge. Det forklarar Olaug Kalve Størkson med at ho ein gong på eit utstillingstreff såg ein slik lyseblå messehakel frå Sverige, og at ho tykte fargen var så fin at ho ynskje å laga ein liknande! Men om den hadde vore brukt nokon gong, anna enn å vera vist fram på utstillingar, sa ho ingenting om...

For nokre år sidan hadde ho fleire av tinga sine på ei utstilling i USA. Sjukdom i familien gjorde at ho sjølv ikkje kunne vera til stades der. På mindre utstillingar har ho berre nokre av tinga sine med seg, og det er vel slik folk flest her i kommunen har møtt kunsten hennar. Overveldande blir då besøket i heimen på Mækjebakken, med så mange og så ulike gyllenlerprodukt.

Etter å ha sett alt dette flotte i gyllenler nede, held me fram med "drøs'n" over ein kaffikopp oppe i stova. Der var mannen hennar, Håkon, også til stades. Han påstod forresten at han var berre eit par år frå nitti, men det kunne ein ikkje tru var sant....

Olaug og Håkon fortalde at dei laga tiffany-lampar saman, slike amerikanske lampar kor skjermene er av mangefarga glas med ulike motiv. Over spisebordet deira hang det ei stor, flott slik lampe. Etter at dei hadde sett eit tv-program om ei dame som laga denne typen lampar, tok dei kontakt med NRK og kom seg på kurs. Dit reiste dei begge to, då vart det meir effektivt, og dei trong ikkje vera så lenge! No lagar Olaug mønsteret og vel ut fargane, medan det er Håkon som driv med tolmodsarbeidet, skjer det til og set det saman.

- *Sit de saman og arbeider?*

Nei, seier dei og ler litt, dei har kvar sitt arbeidsrom slik at dei får arbeida i fred, Olaug i 2. etasje og Håkon i kjellaren. Lampar har dei laga som konfirmasjonsgåver til alle barnebarna sine. Håkon lagar óg modellbåtar i tre, på peisen stod det ei fin skøyte. Bilete av den modellen



Ler til herregårdssete



Smeholmen i vinterdrakt

hans, Leilja, kan ein sjå på side 250 i den nyutjevne båtboke!

- *Olaug, mange kjenner deg som ho som heldt kurs i porselensmåling, driv du med det enno?*
Nei, no er det gyllenler-arbeida eg brukar tida på. Men eg har framleis litt kontakt med nokre i porselensmålings-miljøet i Haugesund. Eit av dei første porselensmålings-kursa eg var på var forresten i Bergen, men der passa eg ikkje heilt

inn, eg var ikkje slik pen bergensfrue. Heldigvis kom eg seinare på kurs som var meir lærerike. Deretter underviste eg andre m.a. gjennom friundervisninga, og valfagselevar på Bremnes ungdomsskule.

-Men kva heldt du på med før du byrja med porselensmålinga då?

Då sydde eg Sunnhordlandsbunader og heldt kurs i det! Eg har i mange år vore aktiv i husflidslaget, Foldrøy er mitt lokallag. På 60/70-talet var Sunnhordlandsbunaden relativt ukjent her på øya, men mange var interesserte i å skaffa seg eit slikt plagg. Eg hadde kontakt med folk som lærte meg, så heldt eg kurs og lærte det vidare til andre. Etter dette vart me sitjande litt og snakka om kven som sydde i dag, kven som hadde sydd bunader for folk før, og kor det no vart halde kurs i bunadssaum.

- Du har vore engasjert i mykje og aktiv på mange område?

Ja, eg fekk eingong ei skei fordi dei trudde ikkje at ho kunne ha tid til å laga mat til meg!, skyt Håkon småhumrande inn. Olaug fortel at det var frå ei av dei mange som hadde overnatta og budd hos dei, i samband med kurs og opplæring. Men tid til å stella hus og heim, det hadde ho no ordna seg. Arbeidsdagen no óg hadde faste tider for matlaging og husarbeid. Fiska middagsmat hadde ho gjort heile sitt liv, og gjorde det framleis! Var ein oppvaksen på ei øy, lærte ein det tidleg. På barndomsøya kor søskenflokket på 8 vaks opp, budde det både tanter og ei bestemor, som ho hadde lært mykje av. Ho fortalde både om store humrar ho hadde fått i sin ungdom, krabbar og garn, og om journalisten frå avisene Sunnhordland/Dagen som ho i sommar hadde teke med seg i bilen og køyrt ned til sjøen. Der hadde ho vist han naustet, båten og plassen, så han skulle få sjå kor fint det var der. Men ein mørk og regnvåt oktoberkveld var det ikkje aktuelt å dra dit ned. Kvar dag fiska ho no ikkje, for dei dagane ho kom heim med stor fiskefangst gjekk med til å sløya, filetere, salta og laga fiskemat. Men så hadde ho no middagar klar ei stund framover etter det.

Bilsertifikat tok ho tidleg, det var både nødvendig og viktig for at ho skulle kunna



Smeholmen



Olaug og Håkon året før dei gifta seg

koma seg dit ho ville. Med bilen kom ho seg både på kurs sjølv, dit ho skulle halda kurs, ho kunne delta på arrangement og møter, og ho kunne henta og bringa folk som kom til heimen deira på Mækjebakken. Fleire år køyrde ho fast til Moster kor ho underviste 11 kull i husstell på framhaldsskulen. Det var på eit provisorisk kjøkken. Ein gammal tannlegestol full av gamle tenner!, måtte fjernast før rommet kunne takast i bruk som skulekjøkken. Utfordringar har ho

alltid likt. Når ho vart spurt om noko, sa ho oftast "ja" og gjekk i gong og prøvde! Reist mykje til Bergen hadde ho óg gjort, særleg i perioden som aktiv politiskar.

- *Du har vore aktiv i politikken og?*

Ja, eg representerte Venstre, partiet med idealismen, veit du. Eg sat i Heradstyret på den tida då dei tre tidlegare kommunane vart slegne saman til ein; Bømlo kommune. Noko av det eg arbeidde for var m.a. å få tilrettelagt statlege friområde som kunne vera medverkande til at ein fekk støtte til andre ting i området. Brua til Hiskjo og Melkevikjo der ute er døme på det. På barndomsøya mi, Smeholmen, vert det i dag drive leirskule. Eigedomen er statleg friluftsområde, medan det er kommunen som eig bygningane. Dessverre skjer det det same med dei bygningane som det me kjenner til frå andre kommunale eigedomar.

- *Har du alltid vore ei engasjert og aktiv dame?*

Eg har alltid halde på med noko. Under og etter krigen sydde eg om klede til folk, eg laga til dømes gutungebukser av mannfolketrøyer. Då eg gjekk på husmorskulen på Fitjar, sydde eg

klede til læraren. Eg var sjølvlært, men hadde jo lært ein god del heime. I byrjinga av krigen, 1941-1942, arbeidde eg på butikken hos Rasmus Våge i Brandasund. Det er først no, så lenge etterpå, at eg vågar seia at me arbeidsjentene der "triksa" litt med rasjoneringane me oppgav, ikkje for vår eigen del, men for å ha litt å kunna senda med dei som gjekk i skøytene. Brandasund var ofte siste hamn før dei reiste ut i Nordsjøen med kurs for Shetland. Heldigvis gjekk det bra, sidan ingen mistenkte Rasmus Våge, den ærlege mannen, for noko slikt, og eg "feilførte" forsiktig og nøye. I 1936 arbeidde eg og i Brandasund, då hos Nillo på Skjeret. I 1942 gifta Håkon og eg oss, og me busette oss her på Foldrøy. Sidan har me budd her.

Medan Olaus og Håkon har fortalt, har dei vist fram bilete av Smeholmen, og eine sonen har vore innom ein tur i døra. Dei har vist fram bladet til gyllenler-lauget, kor det står eit lite stykke om Olaus Kalve Størkson, - om ei lita jente på fem år som var på bytur med mor si. Og som vart så fascinert av eit gyllenler, dette gullprega mønsteret på kalveskinn, som ho såg utstilt i eit butikkvindaug der i Bergen. No

har ho mange slike sjølvlaga gyllenler heime i bustaden sin på Mækjebakken. Mange og sytti aktive og spanande år, rike på utfordringar, opplevingar og hendingar, fulle av engasjement og kulturell nysgjerrigheit, har ho og fått med seg sidan ho stod der som fem-åring den gongen i 1926.

Interessant har det vore å få vera på vitjing hos ei allsidig dame som Olaus Kalve Størkson, og mannen hennar Håkon, og høyra dei fortelja. Både om det som dei har opplevd og vore med på, men og mykje om det som dei er opptekne av i dag innanfor lokalkulturen og handarbeids-kunsten.



Olaus og mannen hennar, Håkon

Øyjoren -

ein minnekrans til ein god ven

Av Jørund Heggland

Det er vel endå mange på Bømlo som minnest Knut Hillestveit "Øyjoren" eller Knut Øyro som han til vanleg vart kalla. Helst hugsar dei vel soger til lottaløye, for maken til skrue skulle dei vel snautt ha møtt nokon stad, både i utsjånad og i åtferdalag. Og replikkane hans gløynde ein ikkje så fort! Slik bygdefolket såg han, vart han, eit teikn til motseiing, ein kontroversiell person, somme sa kverulant - i alle høve ein mann som stod i sterk motsetnad til det "godt folk" meinte og gjorde.

Når "Øyjoren" kom køyrande til "krambui" med "Sogningen" for møkakjerro, var det eit syn verd. Påkledning og selety vart ikkje berre lappa og bøtt, men bunde ihop fille til fille med hyssing og streng og på så mange oppfinnsame måtar at ein vart ståande og undre seg over korleis alt kunne hange ihop.

I grunnen vart Knut aldri oppradd, så rotet det enn såg ut for og omkring han. Alltid fann han ein utveg å klare seg i ei krapp vending, ein måte å bøte ein brest på. Men det vart til at provisoriske løysingar alltid vart permanente. Han reparerte aldri noko frå grunnen av. Difor såg den gamle staselege garden i Øyjoro ut som han gjorde.

Knut Albertsen Hillestveit vart fødd i 1855 og tok over farsgarden i 1893. Øyjoro hadde før vore leiglendingsjord under Finnås prestegjeld, men Knuts bestefar, Knut Pedersen Hille, frå Moster, fekk kongeskøyte som sjøveigar i 1833. Han hadde fått garden då han gifte seg med enkja etter den førre eigaren. Dei må ha vore velhaldne folk, for i 1842 gav Sara og Knut Pedersen 100 spesiedaler "til Josefines Stiftelse i Stavanger, hvor unge Piger skulde opplæres til duelig Tjenestepiger". Knuts far, Albert Knudsen Hillestveit, f. 1812, tok over garden i 1852. Knuts mor, Mangela Sjursdotter Hovland, kan eg så vidt minnast. Ho levde sine siste alderdomsår i pleie hos Sjur i Rekkje, skyldfolket sitt på Vorland.

Då ho døydde, var eg i Rekkje i gravferda, det må ha vore ikring 1912. Eg tykte så synd i Knut, det er einaste gongen eg minnest at han gret; ikkje i gravferda, men då han fortalde meg om mor si ein dag heime i Øyjoro. Han hadde elles fleire søsken, 2 brør og 2 søstrer i Amerika og ei søster som vart gift på Halsnøy.

Knut sjølv budde åleine i Øyjoro all den tid eg var på Bømlo (1905 - 14), etter 1914 såg eg Knut bare ein gong - under ei vitjing der sommaren 1917. Etter det eg har fått opplyst døydde han i 1924, no alt eit halvt hundre år sidan. Då min far, lærar og kyrkjesongar Hallvard Heggland, i 1906 kjøpte bruket på Vorland, vart vi næraste grannar til Knut Hillestveit.

Han var då i 50-åra og hadde kome inn i tralten som gamal-ungkar og einebuar, eit liv som etter kvart merkte alt han føretok seg. Så snart eg vart stor nok til å farte litt omkring på garden på eiga hand, fann eg snart vegen til "Øyro", som vi sa. For det første var der hest, det finaste dyret eg visste. For det andre oppdaga eg fort at Knut'n var sjølv eit stort barn som eg kunne snakke med, samstundes ein vaksen som dreiv med mykje merkeleg på garden og elles aldri jaga meg heim. Før eg tok til på skolen, i 1912, var eg nær sagt dagstøtt ein tur til "Øyro". Og "Knut'n" vart vår sjølvsgade hjelper heime ved slakting og ved all køyring vår og haust. Alltid var han viljug, og alltid hadde han tid.

Når han kom til oss, sytte alltid mor for at han fekk mat, helst middag, som det vel var så som så med borti "Øyro". Ein episode må eg fortelje:

Knut hadde køyrt ut gjødsla for oss og fekk god middag: Steik, med "rødgrøt", sukker og fløyte til dessert. Han hadde ete godt og sat ved desserten. Brått kremta han hardt og ropte til Kristina, tenestejenta vår: "Du Kristina! Gå ut itte spekesild! Datta vart so smere!" (smere - søtt og kvalmande). Han visste nemleg at vi hadde fått fin spekesild, og



Knut Øyro med hesten Sogningen. Huset til Knut stod omtrent der parkeringsplassen til aldersheimen er i dag. I bakgrunnen skimtar ein skulehuset som stod der tannklinikken vart bygd. Biletet er etter alt å døma tatt omkring 1920 - i alle fall før skulehuset/grendahuset vart bygt i 1923.

Kristina var snar ute. Då han hadde fått det han bad om, åt han spekesild og dessert saman.

Knut var elles svært så smånøgd i kosten. Landhandlarane på Bømlø tok alt bakverk frå Haugesund, og då kunne det nok hende at det vart liggjande ein grønmutla vittenberger (loff) i brødkassen. Men Knut kjøpte alt slikt, som oftast samla dei ihop åt han ein sekk full, som han fekk billeg. Grønmutla brød var helsesamt, sa han, så Knut hadde oppdaga penicillinet lenge før det vart kjent i vitskapen. Elles kjøpte han margarin, sirup og kaffi som alle andre den tid, ikkje just sikringskost! Når eg - som det hende - blei med han inn til måls, fekk eg kaffi og fersk sirupskake med rikeleg margarin på. Og ingenstad smaka det så godt som i den nedfallande stovo til Øyjoren.

Ja, den garden var noko for seg! Her var mange hus - eller rettare hadde vore. For på stabburet var taket falle ned, sauehus og smie låg likeeins i røys. Eldhuset vart nytta som stall for "Sogningen", og fjosen var nær sagt livsfarleg å gå inn i. Av den store stovelåma var det bare eitt rom Knut kunne bu i, den austre stova. I vestre stova såg ein til himmels mellom taksperrene. Husa var tekte med svære, tjukke skiferheller. Datt ei slik ned, kunne ho drepe.

Ein dag etter ei svær stormnatt - då taksteinane hadde blåse av halve hustaket hos oss heime på Vorland, kom Knut'n heim til oss tidleg i grålysinga. Han var kald, gjennomfrosen, og gav ei dramatisk skildring av stormnatta i Øyro. "Enn kor han bles! Best eg låg i sengjo, dar kjeme ei store hedla ned gjøno takje! Lika ve dar eg låg! Men då sto eg upp. Eg sette adle klokkene unde bore og gjekk ut til "Sogningen". I den kalde stallen hadde han freista natta, han var både svolten, våt og frosen der han stod.

Merkeleg nok, han greidde alltid å gjere så pass bra reparasjon på taket at han kunne flytte inn att i huset. Som alt anna han

vølte på, det hekk utrøleg ihop. Og han treivst med det slik. Når han fekk gå og "studla" med seg sjølv, tenkte han sine eige tankar, hadde sine egne opplevingar. Han vart aldri nokon keisam "kamerat". Då eg byrja på skulen (i 1912) og hadde lært å lese, måtte eg fortelje om det som stod i bøkene - særleg bibelhistoria. Han formeleg spurde meg ut - og hadde sine kommentarar. Og han roste meg for alt eg visste så liten eg var. "Ja det er far din", sa han ofte. Age for lærdomen hadde han. Størst var prestelærdomen. (At eg ikkje valde prestestudiet, er i alle fall ikkje Knut å laste for!) Eg såg han aldri ved Bømløkyrkjo. Men eg trur få menneske eg har kjent i livet var meir from enn Knut. Og kor han formante meg å fare fint fram!

Gardsbruket dreiv han etter sitt eige hovud. Høyet slo han "etter behov", d.v.s. det sto på stuv utover vinteren, og han hausta inn dei visne stråa etter kvart. Eg hugsar eg såg han med ljaen bortpå den rimslegne enga ein veslejulaften. Det er greitt at det vart vårknipe og vel litt svelteforing. Koss han i det heile greidde foringsproblemet ein vinter igjennom, skjønar eg ikkje. Når det vart som verst, når snøen la seg så dyra ikkje kunne beite ute, kom han bort til oss og fekk seg eit høyllass. Vi hadde alltid nok, for far heldt ikkje hest.

Knut ol mest alltid opp slaktestutar. Dei kunne vere ganske morske når dei vart litt store. Ein haustkveld oppdaga eg eit stort dyr i bærhagen på Vorland. Eg for inn i stova - der var just kvinneforening - og meinte at no skulle eg skreme dei! ”Stuten av Knut’n er ute!” skreik eg inn til dei. Nei dei enste aldri det slag. Då ropte eg enda verre: ”Knut’n av Stuten er ute!” Men då høyrde dei det godt, og den forsnakkinga fekk eg repetert harmeleg ofte sidan.

Ei helst morosam hending med den stuten bar til såleis: Mannen på Voll og sonen var oppe i myrane nordafor Øyro og tok opp røter (som det var så nok av i myrane på Bømlø). Dei hadde utstyrt seg med navar og ein pakke dynamitt. Denne pakken blei lagt ved ein stubbe mens dei gjekk rundt og bora navarhol i røtene. Arbeidet tok litt tid, dei for heilt til andre sida av myra før dei var klar til lading. Men kvar var ”miten”? Ingen stad å sjå. Jau, så såg guten at den store stuten til Knut Øyro stod og sleika restane av eit papir i seg. Det var omslaget,



Knut Øyro i arbeidsantrekk

resten av dynamittpakken. Stuten hadde ete i seg alt i hopes. ”Du må ikkje jaga på han”, skreik faren, ”Han kan springa til luktes med oss adle”.

Dermed sette guten nedover til Øyro for å varsle. Det tok litt tid før Knut forstod - men då kom det og fart i han!

Eg - småguten - kom just ruslande bortover. Der stod Knut Øyro oppe på ein liten haug, flaksa med armene og skreik til alle vegfarande: ”De må ikkje jaga på Stuten! Da e fårleg å koma nær Stuten!” Ikkje torde han kome nær han sjølv heller. Dei uheldige Voll-mennene måtte fare heim med uforretta sak, men det vart ikkje fårefritt i Øyro. Da stuten endeleg pitla seg inn i fjosen til kvelds, stengde Knut forsvarleg og heldt han inne i fleire dagar. Møka grov han seinare ned langt frå husa. Han hadde stor respekt for dynamitt.

Jo, ”Øyjoren” måtte tåle skoser og lått. Han lika ikkje alltid å gå på krambua, når unggutane sat der. ”Jørgen på Salahuset” skrytte han av. Det kunne vere nokså spennande - fortalde Jørgen Hovland, som stod for landhandelen til fru Zahl ute i Langevåg - når Knut kom inn og forlangte. Ein dag kom han inn krektande: ”Å du Jørgen, gje meg eit glas eddik. Eg e så krimen!” (d.v.s. forkjølt) Vel, Jørgen slo i eit ølglas krambuueddik, skarp som bare det. Og han vart mest fælen då Knut sette glaset for munnen og drakk utor. ”Datta reiv godt!” sa han og sette tomglaset på disken.

Ein dag fekk Knut varsel om eit brev som lag på posten hos Gamle Nils’n på Kaien. Det vart 10 øre å betale - om han ville ha det. Knut betalte og opna. Ein lapp papir: ”No gjekk det 10 øre for deg igjen” stod det. Det var vel helst i tankeløyse og ikkje av vondskap gjort, men Knut kjende det sårt. Litt utafor i bygdesamfunnet kunne han nok bli, så han rømde unna når han såg det kom folk oppetter ”brekko” til Øyro. Eg undrast litt, men forstod han og, liten som eg var. I grunnen var Knut selskapskjær. Vi barna ”diskriminerte” han ikkje, difor likte han å prate med oss. (Då eg atter vitja Hillestveit etter tre år fråvere - fann eg ein annan smågut i følgje med Knut og ”Sogningen”.

Bare ein gong hugsar eg at Knut var ublid på meg. Han hadde ordna seg på ein tidssparande måte

med gjerdereparasjonar. På ulike stader kringom på garden hadde han plassert små ”verktøydepot” (hammar, tong og spikar) ferdig til bruk. No visste eg dette frå vandringer med han rundt på gjerdvøling. Det eine låg nær min eigen leikeplass med småbåtane mine. Så - i ei knipe for hammar henta eg Knut sin oppe under steinen. Men da fekk eg høyre det! Han hadde funne hammaren i lag med leikebåtane mine.

Sommaren 1914 - i slutten av juni - flutte vi frå Vorland og frå Bømlo. Knut var lei seg at vi for. Flytteskipet, godsrutebåten ”Grimstad” skulle kome innom Langevåg og hente flyttegodset. Knut hadde tinga seg å køyre alt til kaien. Far fekk ikkje lov å betale noko for det. (men Knut takka ovleg for litt avlagde klede o.l.) Natta før båten var venta (sånn i 4-tida) sov Knut i eldhuset på Kaien for å vere sikker på at han fekk sjå oss om bord. Det var visst første gong eg tok Knut i handa, då vi sa farvel i den tidlege morgonen. Handa var varm og tårene stod i augo. Først etter kvart har eg forstått at eg tok avskil med ein av mine beste vener. Fillut og skjeggut, vanstelt å sjå til, eit bisn for alt folket, stod han der. Eit mislykka menneskeliv, skulle ein døme etter borgarleg målestokk. Ein Peer Gynt på ruinane av fallen stordom. Javel. Men det er ikkje alt, ikkje sanninga eingong.

I 1947 fekk eg gå nyvegen frå Zahlahuset over Hovland og Voll inn forbi den nye Hillestveit skule - den gamle - ”min” skule - stod ved sida - rundt Kåso opp til Vorland. Øyro (Øyjordo) låg der ikkje meir. Men himmelen kvelvde seg helgehøg og gamalkjend over bakkar og haugar på Bømlo - eit landskap med ein sus over seg av stø nordavind og godange frå alt som veks så vel i den milde atlantehavslufta. Så kom eg på Sol-lio. Der fann eg alltid kusumar (primula veris) om våren, dei anga så søtt. Der kunne ein finne liljekonvall. Der var eg og fann eit nyfodd lam eingong då sauene hadde stukke av og lemma ute. Det var Knut som åtte Sol-lio, det var kjæraste staden på garden hans. Når han sa ”I Sol-lio” då lydte det som ”i Paradis”.

I kveldstimen pusla vestavinden i lange, visne strå på uslegne bakkar i Øyro. Kviskra om ei glede få forstod at Knut kunne ha av livet - den venleik og nærleik ved naturen som nærer draumen og lengten etter det evige livet nær Skaparen av det alt.

Knut døydde i 1924. Når eg skriv dette, kjenner eg det som eg har bunde ein minnekrans til ei gløymd grav der Knut Øyro, min gamle ven, kviler.

Og hermed heising heim til mi fødebygd.

Jørund Heggland

Tilleggsopplysningar:

Dette stykket om ”Øyeren” vart skriven i 1974/75. Forfattaren av stykket, Jørund Heggland (Jørn Mowat Meidell), vart fødd i 1905 på Vorland (br. nr. 4). Faren, Halvard Heggland (1874 - 1947) kom frå Tysnes og var lærar og kyrkjesongar på Bømlo. Mora, Trina Tønnesen Hovden frå Herre ved Farsund, var lærarinne i handarbeid.

Familien budde på Vorland fram til 1914, då dei flytte til Spangareid ved Farsund. Det var i åra før dei flytte at Jørund heldt seg mykje saman med ”Øyeren”.

Jørund utdanna seg til lektor og flytta til Narvik, der han arbeidde og budde til han døydde i 1996, 90 år gammal.

På aldersheimen på Søre Bømlo heng to bilete av Knut Øyro. Det er desse bileta som er brukte i denne artikkelen. På baksida av bilete av Knut og hesten ”Sogningen” står det skriven:

Knut Hillestvedt vart fødd 10.08.1854 på Hillestveit. Foreldra hans var Albrikt Knutsen Hillestvedt (1812 - 1895) og kona hans Magnhilde Sjursdtr. frå Hovland (1828 - 1913).

Knut vart konfirmert i 1869 og presten gav han då vitnemålet: Meget god. Han hadde 6 sysken. Av desse døydde 1 som barn, 4 drog til Amerika og ei syster vart gift til Halsnøy. Knut vart verande att heime, men han gifte seg ikkje. Den 15.05.1893 fekk han skøyte på garden frå far sin. Men det gjekk dårleg med gardsdrifta. Buskapen minka etter kvart, og husa forfall meir og meir. Dette bilete er teke omkring 1920. Knut levde til 1924. Han var då mest blind. Ein vinterdag gjekk han på sjøen ute i Eidesvågen. Han fekk lungebetennelse og det kom han ikkje over. Det vart slutten hans.